




FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

Utviklinga i kommuneøkonomien

Møre og Romsdal

2014



FORORD

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gir kvart år ut ein rapport som viser hovudtrekka i utviklinga av kommuneøkonomien i fylket. Rapporten inneheld eit utval av indikatorar som seier noko om den økonomiske situasjonen for kommunane, både enkeltvis og samla. Vi har òg med tal for alle kommunane i Noreg utanom Oslo (fordi Oslo òg fungerer som fylkeskommune) som referanseverdi. Det er først og fremst statistikk for 2014 som vi legg vekt på, men vi har òg med statistikk frå 2012 og 2013 for å sjå på utviklinga og tendensar.

Kommunane er midt inne i prosessen med kommunereforma. Innan 1. juli i 2016 skal kommunane ha gjort vedtak om framtidens kommunar. Rapporten i år er difor utvida med ein ekstra del om område i skjæringspunktet mellom kommuneøkonomi og kommunereforma.

Rapporten kan vere aktuell lesing for politikarar, tilsette i administrasjonen i kommunane, forvaltningsorgan på fylkes- og regionalt nivå, innbyggjarar i Møre og Romsdal og andre som har interesse for kommunane sin økonomi.

Tala som er presentert i rapporten er i all hovudsak henta frå Statistisk sentralbyrå (SSB). Hovudvekta av tala er henta frå Kostra (Kommune-Stat-Rapportering). Rundt 15. juni kvart år publiserer SSB endelege rekneskapstal for det føregåande året. Årets utgåve av rapporten inneheld òg tal som er innhenta og samanstillt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Tala som blir nytta er på konsernnivå. Det vil seie tal for heile kommunen, inkludert kommunale føretak, interkommunale samarbeid og interkommunale selskap. Tala er henta frå både nivå to og tre i Kostra.

Gjennom rapporten vil vi i første rekkje presentere eit bilete av den økonomiske situasjonen i fylket. Kommentaraner i teksta er i hovudsak retta mot korleis den økonomiske situasjonen til kommunane i fylket er samla. Indikatorar blir likevel presentert på kommunenivå for å vise kva som ligg bak tala for fylket og slik at ein får eit meir nyansert bilete av situasjonen. I tillegg går det då an å følgje ein kommune spesielt. Det kan og vere store variasjonar i tala frå år til år. Kommentaraner i teksten vil på grunn av dette òg seie noko om variasjonen og skilnaden mellom kommunane i fylket. For å få ei fullstendig oversikt over økonomien i den einskilde kommune viser vi til kommunane sine rekneskap.

Molde, 1. juli 2015

Innhold

1 – INNLEIING, OPPSUMMERING OG KONKLUSJON	4
2 – FRÅ BRUTTO DRIFTSRESULTAT TIL NETTO DRIFTSRESULTAT	6
2.1 – BRUTTO DRIFTSRESULTAT	8
2.2 – EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONAR	9
2.3 – NETTO DRIFTSRESULTAT	11
3 – INVESTERINGAR OG LÅNEGJELD	14
3.1 – INVESTERINGAR	15
3.2 – LÅNEGJELD	19
3.3 – KOMMUNALE GARANTJAR	28
4 – BRUTTO DRIFTSRESULTAT, NETTO DRIFTSRESULTAT OG LÅNEGJELD	30
5 – FOND	33
6 – FOLKETALSENDRING OG -PROGNOSE	34
7 – KOMMUNEREFORM OG KOMMUNEØKONOMI	40
7.1 – INNDELINGSTILSKOTT, REFORMSTØTTE OG EINGANGSSTØTTE	41
7.2 – REGISTER OM BETINGA GODKJENNING OG KONTROLL (ROBEK)	44
7.3 – EIGEDOMSSKATT OG ANDRE SKATTAR	48
7.4 – VERKEOMRÅDET FOR DIFFERENSIERT ARBEIDSGIVARAVGIFT	54
7.5 – NYE KOMMUNAR OG DET DISTRIKTPOLITISKE VERKEOMRÅDET	55
7.6 – LANDBRUKSSTØTTE	56
8 – APPENDIKS	57
KJELDER	60

1 – INNLEIING, OPPSUMMERING OG KONKLUSJON

Eit godt velferdstilbod i kommunane føreset ein sterk og sunn kommuneøkonomi. Ein sterk og sunn kommuneøkonomi er avhengig av fleire faktorar. Kommunane har sjølv ansvaret for å ha ei forsvarleg økonomiforvaltning og ei effektiv ressursutnytting som sikrar innbyggjarane eit best mogleg tenestetilbod over tid. God kommuneøkonomi er viktig for folk sin kvardag.

Utfordringar for kommuneøkonomien

Kommuneøkonomien står ovanfor fleire utfordringar i åra framover:

- Uro i internasjonal økonomi fører til lågare inntektsvekst enn tidlegare år
- Auka pensjonskostnadar på grunn av låg rente, høg lønsvekst og auka levealder
- Endringar i folketal og alderssamansetning
- Høgare gjeld og forventningar om høgare rente på sikt
- MVA-kompensasjonen frå investeringar kan ikkje nyttast til driftsføremål

Dette er utfordringar alle kommunar står inne i eller ovanfor. I tillegg kjem kommunespesifikke utfordringar. Uansett, kommuneøkonomien må vere solid for at den skal kunne stå seg mot utfordringane framover.

Oppsummering av dei viktigaste trekka frå utviklinga i kommuneøkonomien

Fylkesmannen i Møre og Romsdal ser på netto driftsresultat som hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunane. Fylkesmannen støttar seg til tilrådinga frå Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) om at netto driftsresultat bør utgjere minimum 3 prosent brutto driftsinntekter for perioden 2010 til 2013, og 1,75 prosent frå 2014 og framover. Vekta tilråding for netto driftsresultat dei siste fem åra er på 2,75 prosent. Netto driftsresultat for kommunane i Møre og Romsdal har dei siste fem åra vore på 1,6 prosent. Frå 2013 til 2014 svekka netto driftsresultat seg frå 2,1 til 0,1 prosent av brutto driftsinntekt. Det er ein del faktorar som talar for at den underliggende økonomiske balansen i kommunane er svak.

Rapporten viser at det er fleire utviklingstrekk som tilseier at kommuneøkonomien i Møre og Romsdal svekker seg. Kommunane i Møre og Romsdal får stadig høgare netto lånegjeld. I løpet av 2014 åleine auka netto lånegjeld med 4,0 prosentpoeng til 96,8 prosent av brutto driftsinntekt. Det er om lag 17,5 prosentpoeng høgare enn kommunane i Noreg utanom Oslo. Det er i hovudsak tre årsaker til at gjelda til kommunane i Møre og Romsdal aukar meir enn landsgjennomsnittet (utanom Oslo). Det er at kommunane i Møre og Romsdal har eit litt høgare investeringsnivå, lånefinansierer ein større del av investeringane og nyttar litt lenger tid på å betale ned gjelda enn landsgjennomsnittet (utanom Oslo).

Gjeldsoppbygginga i kommunane gjer dei meir sårbare for framtidige renteaukingar. Kommunar med høg lånegjeld er avhengig av eit relativt høgare brutto driftsresultat for å få eit netto driftsresultat på nivå med tilrådinga. Brutto driftsresultat for kommunane i Møre og Romsdal har svekka seg gradvis dei siste åra, og har gått ned frå 2,9 prosent i 2011 til 0,6 prosent i 2014, målt i brutto driftsinntekt. I dei aller fleste kommunane er driftssituasjonen stram. I ein slik situasjon er bufferar nødvendig for å kunne takle svingingar på både inntekts- og utgiftssida. Kommunane i Møre og Romsdal har lite oppsparte midlar på disposisjonsfond, og det skal ikkje mykje til før det oppstår underskot.

Konklusjon

På tross av utviklinga i netto lånegjeld viser rapporten at kommunane har tilpassa seg høgare gjeldnivå og over tid nedbetalt lånegjeld til eit meir normalt nivå.

Kommunar i økonomisk ubalanse har omstilt drifta og blitt meldt ut av Robek. Storleiken på den økonomiske ubalansen vil ha innverknad på kor mange år i Robek kommunen er før kommunen har vunne att økonomisk balanse og blitt utmeldt av Robek.

Skal kommunane i Møre og Romsdal halde netto driftsresultat på nivå med tilrådinga frå TBU, er det naudsynt å auke inntektene eller redusere tenesteproduksjonen for å oppretthalde økonomisk balanse. Dette er viktig for å kunne bygge økonomisk robuste og berekraftige kommunar for framtida.

2 – FRÅ BRUTTO DRIFTSRESULTAT TIL NETTO DRIFTSRESULTAT

På nettstaden til Statistisk sentralbyrå finn ein store mengder Kostra-tal. I dette kapitelet vil vi sjå på eit utval av indikatorar som seier noko om den totale økonomiske situasjonen til kommunane i fylket. Då er det nokre indikatorar som skil seg ut som meir interessante og meiningsfulle å sjå på enn andre. Dei indikatorane vi har valt å sjå nærare på i dette kapitlet seier noko om nivået på drifta i kommunane. Dei aktuelle indikatorane har fått ein kort definisjon under.

Brutto driftsinntekter (BDI) er dei totale driftsinntektene til kommunane. Inntekter frå rammetilskot, skatt på inntekt og formue, brukarbetalingar, eigedomsskatt, andre sals- og leigeinntekter, overføringar med krav om motyting og andre overføringar er inkludert i brutto driftsinntekter. Renteinntekter, utbytte og gevinst frå finansielle instrument er ikkje inkludert.

Brutto driftsresultat (BDR) er brutto driftsinntekter (BDI) trekt frå driftsutgifter utanom renter og avdrag. Dette resultatet skal dekke netto rente- og avdragsutgifter samt eventuelle pliktige avsetningar.


Renteinntekter, utbytte og eigaruttak er saman med kursgevinstar vedkommande finansielle instrument det vi kallar eksterne finansinntekter.

Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter er saman med kurstap vedkommande finansielle instrument og avdragsutgifter det vi kallar eksterne finansutgifter.

Motpost avskrivningar annullerer avskrivningar, som inngår i brutto driftsresultat, slikt at ein får netto driftsresultat.

Netto driftsresultat (NDR) er resultatet som kjem fram når renter og avdrag er trekt frå brutto driftsresultat. Skilnaden mellom brutto- og netto driftsresultat viser kor stor del av inntektene i kommunane som går med til å betale renter og avdrag. Ein kommune kan òg ha eit betre NDR enn BDR dersom ein har større eksterne finansinntekter enn eksterne finanskostnader. Eit positivt NDR vil seie at kommunen har opparbeidd seg ein økonomisk handlefridom som kommunen kan nyte godt av ved eit seinare høve; til dømes til eigenfinansiering av investeringar. Viser netto driftsresultat eit underskot, må kommunen nytte tidlegare avsetningar til å finansiere året sine driftsutgifter. NDR er sett på som den viktigaste enkeltstående indikatoren for korleis den økonomiske situasjonen er i kommunen. Over tid er det ei tilråding at NDR er minst 1,75 prosent (fom 2014) av brutto driftsinntekter for kommunane. Då vert formuesbevaringsprinsippet ivareteken.

Figur 1 viser alle postane frå brutto driftsresultat til netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter. Tala er frå 2012 til 2014, og er gjennomsnittet for kommunane i Møre og Romsdal.



Figuren viser at netto driftsresultat blei på 0,1 prosent av driftsinntektene i 2014. Det er 2 prosent lågare enn i 2013. Netto driftsresultat ligg ein god del under nivået som blir anbefalt frå teknisk berekningsutval.

Ser vi på driftsnivået, brutto driftsresultat, så har det også svekka seg ein del frå året før. Det indikerer at den underliggjande driftsbalansen er svak. Dersom kommunane skal få eit netto driftsresultat på nivå med tilrådinga frå TBU på minst 1,75 prosent i framtida, når rentenivået går opp og finansielle instrument ikkje gir same avkastning, så må kommunane redusere tenesteproduksjonen eller auke inntektene.

Kommunane betaler i gjennomsnitt 0,7 prosentpoeng mindre i avdrag enn dei har i avskrivningar. Det viser at verdien på kommunane sine eigendelar reduserast med meir enn kommunane betalar ned på lån som høyrar til, noko som igjen reduserer formuen.

2.1 – BRUTTO DRIFTSRESULTAT

Tabell 1			
Brutto driftsresultat i prosent av BDI			
	2012	2013	2014
1502 Molde	3,1 %	2,2 %	-1,2 %
1504 Ålesund	2,0 %	1,0 %	-1,4 %
1505 Kristiansund	-0,2 %	0,8 %	-0,9 %
1511 Vanylven	2,9 %	7,0 %	1,9 %
1514 Sande	1,8 %	-2,0 %	-2,6 %
1515 Herøy	2,5 %	-7,4 %	-6,4 %
1516 Ulstein	6,4 %	9,8 %	3,7 %
1517 Hareid	2,7 %	1,9 %	2,0 %
1519 Volda	-1,2 %	-0,1 %	2,6 %
1520 Ørsta	2,0 %	1,1 %	2,1 %
1523 Ørskog	1,1 %	1,1 %	-5,9 %
1524 Norddal	2,7 %	1,2 %	-1,1 %
1525 Stranda	6,2 %	7,7 %	7,0 %
1526 Stordal	8,4 %	9,1 %	4,8 %
1528 Sykkylven	1,1 %	0,3 %	-0,8 %
1529 Skodje	1,0 %	2,1 %	-0,7 %
1531 Sula	4,7 %	2,6 %	-0,8 %
1532 Giske	4,9 %	6,7 %	0,9 %
1534 Haram	2,4 %	3,1 %	1,7 %
1535 Vestnes	0,5 %	0,5 %	1,7 %
1539 Rauma	0,1 %	0,4 %	0,0 %
1543 Nesset	-1,2 %	0,6 %	0,2 %
1545 Midsund	4,2 %	5,8 %	1,3 %
1546 Sandøy	-3,8 %	-3,6 %	-2,5 %
1547 Aukra	21,6 %	26,1 %	17,4 %
1548 Fræna	0,9 %	1,1 %	2,3 %
1551 Eide	1,8 %	0,3 %	0,4 %
1554 Averøy	3,5 %	6,1 %	3,5 %
1557 Gjemnes	3,4 %	7,1 %	8,5 %
1560 Tingvoll	2,5 %	4,1 %	6,4 %
1563 Sunndal	2,6 %	3,4 %	1,9 %
1566 Surnadal	3,5 %	-3,1 %	-1,0 %
1567 Rindal	2,1 %	1,8 %	-3,5 %
1571 Halså	7,6 %	6,4 %	5,5 %
1573 Smøla	0,5 %	0,7 %	-4,1 %
1576 Aure	8,8 %	3,5 %	2,1 %
Møre og Romsdal	2,7 %	2,4 %	0,6 %
Noreg utan Oslo	2,5 %	2,1 %	0,7 %

Kjelde: SSB

Tabell 1 viser brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter. Brutto driftsresultat er dei totale driftsinntektene trekt frå utgiftene som er knytt til den årlege drifta av kommunane. Eit godt brutto driftsresultat kan nyttast til å svare for ei høgare lånegjeld, til eigenkapital i investeringar eller til å dekke opp for uventa utgifter eller svikt i inntekta.

Tabellen viser at brutto driftsresultat har svekka seg gradvis for Møre og Romsdal dei siste åra. Sidan 2012 har det blitt svekka med 2,1 prosentpoeng, til 0,6 prosent i 2014. For Noreg utanom Oslo har brutto driftsresultat også svekka seg dei siste åra. Brutto driftsresultat har stort sett vore på eit høgare nivå i Møre og Romsdal enn for Noreg utan Oslo dei siste åra, men Noreg utan Oslo nærmar seg gradvis same nivå.

Aukra har det høgaste brutto driftsresultatet i fylket med 17,4 prosent av driftsinntektene. Mykje av det gode resultatet skuldast at Aukra har store inntekter frå skatt på eigedom. Herøy fekk det lågaste brutto driftsresultatet i 2014 med -6,4 prosent av driftsinntektene. Skilnaden mellom høgaste og lågaste brutto driftsresultat er på 23,8 prosentpoeng.

I 2014 var det fjorten kommunar som hadde eit negativt brutto driftsresultat. I 2013 var det fem kommunar, og fire kommunar i 2012. Når ein kommune får eit negativt brutto driftsresultat, har den nytta meir enn driftsinntektene til å drifte kommunen.

Ved å nytte så mykje av driftsinntektene til drifta, er

kommunen avhengig av eit positivt bidrag frå finanstransaksjonane, eller oppsparte midlar frå tidlegare år, for å unngå eit meirforbruk.

2.2 – EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONAR

Tabell 2			
Netto finanstransaksjonar i pst av BDI			
	2012	2013	2014
1502 Molde	7,3 %	7,1 %	5,5 %
1504 Ålesund	4,9 %	5,1 %	5,3 %
1505 Kristiansund	4,5 %	5,0 %	4,9 %
1511 Vanylven	4,1 %	3,5 %	3,9 %
1514 Sande	2,3 %	1,7 %	2,5 %
1515 Herøy	3,9 %	2,2 %	4,5 %
1516 Ulstein	6,3 %	5,7 %	7,0 %
1517 Hareid	6,8 %	5,1 %	5,2 %
1519 Volda	4,8 %	3,9 %	4,6 %
1520 Ørsta	4,4 %	1,9 %	3,0 %
1523 Ørskog	3,3 %	3,6 %	3,4 %
1524 Norddal	5,8 %	6,1 %	6,6 %
1525 Stranda	10,6 %	8,9 %	12,1 %
1526 Stordal	2,3 %	5,1 %	5,3 %
1528 Sykkylven	4,5 %	4,3 %	4,3 %
1529 Skodje	4,1 %	5,5 %	5,0 %
1531 Sula	3,2 %	3,6 %	3,9 %
1532 Giske	6,0 %	5,8 %	9,3 %
1534 Haram	3,9 %	2,3 %	4,2 %
1535 Vestnes	-2,3 %	3,8 %	3,8 %
1539 Rauma	2,4 %	3,1 %	3,4 %
1543 Nesset	4,6 %	4,9 %	4,7 %
1545 Midsund	4,3 %	3,9 %	4,3 %
1546 Sandøy	1,4 %	-0,7 %	3,6 %
1547 Aukra	2,0 %	3,7 %	5,5 %
1548 Fræna	4,1 %	4,3 %	4,1 %
1551 Eide	4,5 %	3,8 %	4,0 %
1554 Averøy	6,4 %	6,6 %	6,9 %
1557 Gjemnes	5,3 %	4,8 %	4,8 %
1560 Tingvoll	7,5 %	8,1 %	7,9 %
1563 Sunndal	2,1 %	2,6 %	2,3 %
1566 Surnadal	3,8 %	2,9 %	3,4 %
1567 Rindal	4,0 %	3,6 %	4,0 %
1571 Halså	4,6 %	5,7 %	6,1 %
1573 Smøla	4,7 %	5,1 %	4,8 %
1576 Aure	4,3 %	4,4 %	4,4 %
Møre og Romsdal	4,6 %	4,6 %	5,0 %
Noreg utan Oslo	3,8 %	3,6 %	3,8 %


Kjelde: SSB

Tabell 2 viser resultatet av dei eksterne finansieringstransaksjonane i prosent av brutto driftsinntekter. Det vil seie resultat etter at eksterne finansutgifter er trekt frå eksterne finansinntekter. Eksterne finansinntekter er i all hovudsak renteinntekter, utbytte og eigaruttak samt gevinst på finansielle instrument. Eksterne finansutgifter er i all hovudsak renteutgifter, avdrag og tap på finansielle instrument. I tillegg er utlån og mottatte avdrag på utlån med i denne indikatoren.

Alle kommunane har ei netto utgift i finanstransaksjonane i 2014. Kommunar med ei netto utgift til finanstransaksjonane er avhengig av å ha eit positivt resultat frå den årlege drifta (brutto driftsresultat), eller oppsparte midlar frå tidlegare år, for å dekke finansutgiftene. Få kommunar får ei netto finansinntekt frå finanstransaksjonane.

Kommunane her i fylket hadde i snitt høgare netto finansutgifter enn Noreg utan Oslo alle tre åra.

Vi ser av tabellen at det har vore svingingar i talet for Møre og Romsdal dei siste tre åra. Det har vore same tendensar for landet utan Oslo. For Møre og Romsdal ser vi at 5,0 prosent av driftsinntektene gjekk med til å dekkje netto renter og avdrag i 2014. For Noreg utan Oslo er talet på 3,8 prosent. Denne skilnaden har samanheng med at kommunane i Møre og Romsdal har høgare lånegjeld enn kva snittet er for landet.



Figur 2 viser dei kommunane som har hatt netto gevinst eller tap på finansielle instrument i 2012 til 2014.

Av figuren går det fram at det vart netto gevinst for dei fleste av kommunane i Noreg utan Oslo i 2012-2014. Målt i prosent av brutto driftsinntekt, vart gevinsten på 0,4 i 2012, 0,5 i 2013 og 0,3 i 2014. For kommunane i Møre og Romsdal vart det gevinst på 0,7 i 2012 og 2013, medan det vart gevinst på 0,4 prosent i 2014.


På kommunenivå ser vi at det er stor skilnad i kor mykje resultatet frå dei finansielle instrumenta utgjer i prosent av brutto driftsinntekt. Haram hadde i 2014 ein gevinst frå finansielle instrument på nærmare 3,4 prosent av brutto driftsinntekt, medan dei i 2011 hadde eit tap på 3,2 prosent.

Det var to kommunar i Møre og Romsdal som fekk eit netto tap på finansielle instrument i 2014.

2.3 – NETTO DRIFTSRESULTAT


Netto driftsresultat blir sett på som hovudindikatoren for den økonomiske situasjonen i kommunane. Netto driftsresultat viser overskotet, eller underskotet, etter at alle årets utgifter er trekt frå alle årets inntekter. Netto driftsresultat viser på den måten kor stor del av inntekta det året som er igjen til disposisjon, eller som må bli dekkja av oppsparte midlar. Dei frie midlane i netto driftsresultat kan nyttast til å finansiere investeringar eller bli avsett til seinare år. Om kommunen har fått eit negativt netto driftsresultat, må det dekkast ved å nytte tidlegare avsette midlar og/eller stryke budsjetterte avsetningar, for å unngå meirforbruk. TBU tilrår at netto driftsresultat for kommunesektoren bør utgjere om lag 1,75 prosent (frå og med 2014) over tid for at formuebevaringsprinsippet skal bli ivaretatt. Det tilrådde nivået på netto driftsresultat kan variere frå kommune til kommune, særleg knytt til graden av lånefinansieringa i kommunen. Om ein kommune betaler mykje over minste tillatne avdrag, vil den framleis ivareta formuen sjølv om netto driftsresultat er lågare enn 1,75 prosent. Om kapitalslitet i ein kommune er høgare enn betalte avdrag, så stiller det høgare krav til eit godt netto driftsresultat for at formuen skal bli ivaretatt.

Figur 3 viser netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter dei siste fem år under eitt på fylkes- og landsnivå. Det vil seie at netto driftsresultat frå 2010 til 2014 er blitt rekna saman for alle kommunane i kvart fylke. Netto driftsresultat er så delt på summen av driftsinntektene dei siste fem år. Då får ein sjå korleis netto driftsresultat har vore over tid.



Av Figur 3 ser vi at Møre og Romsdal sitt netto driftsresultat dei siste fem år under eitt er i det nedre sjiktet av alle kommunane med eit gjennomsnitt på 1,6 prosent av brutto driftsinntekter. Møre og Romsdal sitt netto driftsresultat dei siste fem åra er godt under tilrådinga frå TBU. Vi har vektat tilrådinga frå TBU dei 5 siste åra og då ligg gjennomsnittet på 2,75. Berre tre fylke når tilrådinga frå TBU om netto driftsresultat på minst 2,75 i gjennomsnitt dei fem siste åra og det er Akershus, Sør-Trøndelag og Vestfold. Alle kommunane i Noreg utanom Oslo har hatt eit netto driftsresultat på 2,3 prosent dei siste fem år under eitt.

Figur 4 viser netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter for dei fem siste åra under eitt for kommunane i Møre og Romsdal.



Figur 4 viser at det er seks kommunar som har hatt eit netto driftsresultat dei siste fem åra som er over tilrådinga frå TBU. Ytterlegare fire kommunar har eit netto driftsresultat som er høgare enn for Noreg utanom Oslo. Det er to kommunar som har hatt eit negativt netto driftsresultat dei siste fem åra i eitt.

Tabell 3			
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	2012	2013	2014
1502 Molde	0,8 %	0,0 %	-1,7 %
1504 Ålesund	1,4 %	0,4 %	-1,9 %
1505 Kristiansund	-1,0 %	-0,4 %	-1,9 %
1511 Vanylven	2,8 %	7,5 %	2,1 %
1514 Sande	3,4 %	0,6 %	-0,5 %
1515 Herøy	2,9 %	-5,1 %	-6,2 %
1516 Ulstein	2,4 %	8,5 %	1,8 %
1517 Hareid	1,3 %	2,0 %	1,8 %
1519 Volda	-1,7 %	0,4 %	1,9 %
1520 Ørsta	1,2 %	2,9 %	2,6 %
1523 Ørskog	2,5 %	2,5 %	-4,5 %
1524 Norddal	2,2 %	1,0 %	-1,9 %
1525 Stranda	1,4 %	6,3 %	2,1 %
1526 Stordal	7,8 %	7,2 %	4,6 %
1528 Sykkylven	0,3 %	-0,2 %	-1,1 %
1529 Skodje	1,3 %	0,1 %	-1,5 %
1531 Sula	5,5 %	3,5 %	0,1 %
1532 Giske	3,1 %	5,2 %	-3,4 %
1534 Haram	3,3 %	5,5 %	2,2 %
1535 Vestnes	6,2 %	0,0 %	1,3 %
1539 Rauma	0,5 %	0,2 %	-0,5 %
1543 Nesset	-3,2 %	-1,0 %	-0,6 %
1545 Midsund	2,6 %	4,3 %	0,0 %
1546 Sandøy	-0,8 %	0,6 %	-1,3 %
1547 Aukra	23,8 %	26,1 %	18,2 %
1548 Fræna	0,1 %	0,4 %	1,6 %
1551 Eide	1,0 %	0,1 %	0,4 %
1554 Averøy	1,1 %	3,3 %	0,6 %
1557 Gjemnes	1,8 %	5,9 %	7,5 %
1560 Tingvoll	0,1 %	1,0 %	-1,1 %
1563 Sunndal	4,1 %	4,2 %	3,2 %
1566 Surnadal	3,6 %	-2,1 %	-0,5 %
1567 Rindal	3,2 %	3,6 %	-1,8 %
1571 Halså	6,2 %	5,9 %	4,7 %
1573 Smøla	1,4 %	1,4 %	-3,0 %
1576 Aure	4,4 %	3,4 %	2,2 %
Møre og Romsdal	2,1 %	2,1 %	0,1 %
Noreg utan Oslo	2,9 %	2,7 %	1,2 %

Kjelde: SSB

Tabell 3 viser utviklinga i netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter på kommunenivå i Møre og Romsdal for kvart av dei siste tre åra. Vi ser at netto driftsresultat har utvikla seg ulikt mellom kommunane, og i den ein skilde kommune frå år til år.

I 2014 hadde kommunane i Møre og Romsdal eit snitt i netto driftsresultat på 0,1 prosent. Dette var 2 prosent lågare enn i 2013. I 2014 var netto driftsresultat 1,1 prosentpoeng lågare enn gjennomsnittet i Noreg utan Oslo.

Tilrådinga for netto driftsresultat er redusert frå 3 prosent til 2 prosent for kommunesektoren samla. Av dette utgjør MVA-kompensasjonen frå investeringar 1,7 prosentpoeng. Forvaltningsreforma innebar isolert sett ei auking på 0,5 prosent.

Ser vi bort i frå tala til Aukra, blir nettodriftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter for kommunane i Møre og Romsdal redusert med 0,4 prosentpoeng. Med andre ord påverkar Aukra sitt sterke netto driftsresultat 0,5 prosentpoeng.

Tabell 3 viser at 17 kommunar hadde eit negativt netto driftsresultat i 2014. 2 av kommunane har hatt negativt netto driftsresultat dei siste tre åra. Det er 11 av

kommunane som er på nivå med den vekta tilrådinga frå teknisk berekningsutval dei siste tre åra.

3 – INVESTERINGAR OG LÅNEGJELD

For å yte gode tenester til innbyggerane treng kommunane mellom anna gode barnehage- og skulebygg, vegar samt gode infrastrukturar for vassforsyning, avløp og renovasjon. I tillegg bidrar kanskje kommunen med bygg og anlegg til kultur, idrett og andre ideelle føremål. Alt dette treng si finansiering. I mange rapportar er det vist at lånegjelda har blitt større, og at lånegjelda stig raskare enn inntektene til kommunane. Er det slik at kommunane har lånt over pipa på rådhuset?

Tematikken er aktuell for kommunane i Møre og Romsdal. Fylkesmannen sine årlege rapportar om «Utviklinga i kommuneøkonomien» peikar på at lånegjelda til kommunane stig og er på eit høgare nivå enn landsgjennomsnittet. Kommunane i Møre og Romsdal investerer samla sett meir enn landsgjennomsnittet, lånefinansierar ein litt større del av investeringane og nyttar litt lenger tid på å betale ned låna. Slik akkumulerer lånegjelda seg. Statistikkrapportar frå 1990-talet viser det same bilete med høgare lånegjeld her i fylket enn landsgjennomsnittet.

Men kvifor er det slik at kommunane i Møre og Romsdal har høgare gjeld enn landsgjennomsnittet? Investerer kommunane her i fylket i gode, framtidretta bygg med låge forvaltnings-, drifts- og vedlikehaldsutgifter som gjer at auka finanskostnadar kan bli motrekna mot lågare utgifter til drift og vedlikehald? Eller er dette symptom på at kommunane ikkje har råd til å betale ned meir gjeld og ikkje har råd til eigenfinansiering av investeringane? Eller eig kommunane her fleire bygg og anlegg som genererer inntekter i form av brukarbetalingar eller leigeinntekter? Er det fleire kommunale barnehagar som kommunane sjølv eig i staden for private? Har kommunane nytta seg av statlege rentekompensasjonsordningar? Har kommunen andre verdiar, til dømes gjennom eigarskap i energiselskap, som veg opp for ei litt høgare lånegjeld?

Bilete blir meir nyansert dess lenger inn i tematikken ein kjem. Ein av dei siste rapportane om kommunane si lånegjeld er utført av Riksrevisjonen. Riksrevisjonen legg til grunn at informasjon til avgjerdstakarane i kommunane er eit sentralt element for å halde oversikt, kontroll og styring med finansane i kommunen.

I dette kapitelet ønskjer vi å analysere korleis gjeldsoppbygginga for kommunane i Møre og Romsdal er, og korleis kommunane i Møre og Romsdal står i høve til kommunar i andre delar av landet. Det nye er at departementet har gjort tilgjengeleg data om den renteberande lånegjelda. Døme på vurderingar kommunane kan sjå på i lys av rapporten er kva for konsekvensar raske rentehevingar vil bety for tenesteproduksjonen til kommunen på kort og lang sikt, og i kva grad rentebindingar bidrar til stabilitet for finansutgiftene. No får også kommunane gjort komparative analyser mellom kommunar.

3.1 – INVESTERINGAR

Tabell 4			
Brutto investeringsutgifter i pst av BDI			
	2012	2013	2014
1502 Molde	15,7 %	14,9 %	11,0 %
1504 Ålesund	18,7 %	17,8 %	15,5 %
1505 Kristiansund	7,0 %	12,1 %	18,6 %
1511 Vanylven	19,9 %	33,4 %	12,6 %
1514 Sande	9,7 %	11,4 %	8,6 %
1515 Herøy	7,5 %	9,8 %	23,1 %
1516 Ulstein	26,4 %	38,1 %	63,9 %
1517 Hareid	7,0 %	9,3 %	6,9 %
1519 Volda	9,6 %	5,7 %	12,8 %
1520 Ørsta	10,3 %	4,9 %	6,0 %
1523 Ørskog	14,8 %	11,4 %	12,8 %
1524 Norddal	10,4 %	15,1 %	9,9 %
1525 Stranda	15,8 %	18,2 %	3,6 %
1526 Stordal	40,4 %	12,1 %	27,5 %
1528 Sykkylven	4,1 %	6,2 %	2,6 %
1529 Skodje	15,7 %	14,8 %	16,3 %
1531 Sula	28,6 %	12,0 %	12,3 %
1532 Giske	22,3 %	33,8 %	45,1 %
1534 Haram	5,6 %	11,1 %	7,5 %
1535 Vestnes	4,2 %	5,8 %	5,1 %
1539 Rauma	5,7 %	7,4 %	12,6 %
1543 Nesset	2,6 %	5,5 %	13,1 %
1545 Midsund	10,0 %	9,4 %	8,7 %
1546 Sandøy	7,2 %	19,7 %	15,3 %
1547 Aukra	43,0 %	49,5 %	18,5 %
1548 Fræna	11,8 %	5,5 %	6,1 %
1551 Eide	9,8 %	3,3 %	1,7 %
1554 Averøy	7,9 %	22,6 %	9,0 %
1557 Gjemnes	1,7 %	2,4 %	3,6 %
1560 Tingvoll	10,4 %	11,9 %	10,0 %
1563 Sunndal	3,8 %	6,2 %	11,2 %
1566 Surnadal	7,1 %	6,4 %	7,8 %
1567 Rindal	8,9 %	17,1 %	15,9 %
1571 Halså	49,8 %	9,1 %	4,4 %
1573 Smøla	10,7 %	9,4 %	2,7 %
1576 Aure	7,3 %	6,1 %	17,0 %
Møre og Romsdal	13,3 %	14,1 %	14,3 %
Noreg utan Oslo	12,3 %	12,7 %	13,5 %

Kjelde: SSB


Tabell 4 viser totale investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter. Totale investeringsutgifter er i hovudsak kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen, renteutgifter og lønsutgifter. Det vil seie utgiftene i investeringsrekneskapan fråtrekt utlån, avdragsutgifter, avsetningar, dekning av tidlegare års udekkja og kjøp av aksjar og andelar. Legg ein til dei nemnte utgiftene, får ein finansieringsbehovet det året.

Investeringsutgiftene i Møre og Romsdal har vore stabile dei siste tre åra, og har berre variert frå 13,3 prosent av brutto driftsinntekter til 14,3 prosent. I Noreg utan Oslo har heller ikkje investeringsutgiftene variert mykje. Variasjonen der har vore frå 12,3 prosent av brutto driftsinntekter, til 13,5 prosent. Dei tre siste åra har kommunane i Møre og Romsdal samla investert for om lag eit prosentpoeng meir.

Tabellen viser og at investeringsnivået for Møre og Romsdal og Noreg gradvis har auka frå 2012 til 2014.

Tabellen viser òg at investeringsutgiftene varierer stort mellom kommunane, og i den einskilde kommune frå år til år. Nokre av dei største kommunane som Molde og Ålesund, har meir eller mindre stabile investeringsutgifter, medan investeringsutgiftene til dei mindre kommunane kan variere mykje frå år til år. For små kommunar kan investeringar i skule eller omsorgsbustadar gje store utslag. Dei større kommunane har kanskje eit meir stabilt behov for investeringar etter kvart som behovet meldar seg innanfor dei ulike sektorane.


Figur 5



Figuren over viser kva for sektor kommunane har investert i dei tre siste åra i eitt. Investeringane er målt i prosent av brutto driftsinntekter for å få fram kor store investeringane er i høve til den totale økonomien. Alternativt kan brutto investeringsutgifter for kvar sektor bli målt i høve til brutto investeringsutgifter. Det vil gi eit bilete på kva for sektor som var prioritert innanfor investeringsramma, utan å sjå kor stor den årlege investeringsramma er. Ved å måle investeringsutgiftene opp mot inntektene, går det klarare fram skilnaden mellom til dømes kommunane i Møre og Romsdal samla og landet utan Oslo, slik figuren er bygd opp.

Figuren viser at det er skilnadar i kva for sektorområde det har blitt investert i. Skilnadane er til dels store. Til dømes er det investert om lag 2,9 prosent av driftsinntektene dei tre siste åra i administrasjon og styring i kommunane i Møre og Romsdal. Det same talet er 2,0 prosent for landet utan Oslo. Det vil seie at kommunane her i fylket har investert for 50 prosent meir innan det området.

Investeringsutgiftene er delt i ei lang rekke sektorar. Posten «andre» inneheld mellom anna investeringar i næring, bustadar, kyrkje, brann og ulukkevern, og så bortetter. For å halde talet på sektorar nede er desse plassert i ein samlekategori. Felles for desse er at investeringsnivået varierer mykje for den ein skilde kommune over tid.



Figuren over viser brutto investeringsutgifter i kvar sektor i prosent av brutto driftsinntekter for 2014 for kommunane i Møre og Romsdal (raude søyler) og for alle kommunane i landet utanom Oslo (blå søyler).

Figuren viser at det stort sett var små skilnader i kva for sektor kommunane i Møre og Romsdal investerte i sett i høve til landet utan Oslo.

Med unntak av helse og omsorg, samt vatn, avløp og renovasjon, investerte kommunane i Møre og Romsdal for meir innan dei andre sektorane enn landet utanom Oslo, målt i prosent av brutto driftsinntekter. Det heng naturleg saman med Tabell 4 som viser brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter, at kommunane i Møre og Romsdal investerer noko meir enn landsgjennomsnittet.


Figuren viser samla investeringar for eitt år. For å få eit meir samla bilete er det naudsynt å sjå investeringane over fleire år. Tabellen på neste side viser samla investeringar for dei siste tre åra i eitt på kommunenivå i Møre og Romsdal.

Tabell 5								
Sektorvise brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter, siste tre år i eitt								
	Adm. og styring	Barne- hage	Grunn- skule	Helse og omsorg	Vatn, avløp, renovasjon	Kultur	Sam- ferdsel	Andre
1502 Molde	3,2	2,6	3,4	1,1	8,8	3,4	3,9	15,1
1504 Ålesund	2,2	0,3	18,3	3,5	7,1	4,2	9,0	6,8
1505 Kristiansund	2,6	1,7	6,0	6,3	11,1	3,2	2,2	4,8
1511 Vanylven	3,0	0,0	4,0	48,0	2,8	1,3	2,1	4,0
1514 Sande	2,5	0,8	6,2	1,1	9,6	0,0	7,6	1,9
1515 Herøy	5,0	0,3	1,4	2,7	5,8	9,5	7,0	8,8
1516 Ulstein	0,7	0,2	0,2	0,5	10,6	33,9	33,5	48,7
1517 Hareid	2,5	1,2	0,9	0,3	5,1	0,4	5,8	7,1
1519 Volda	8,0	0,0	2,3	0,5	1,8	0,3	4,9	10,3
1520 Ørsta	0,6	1,7	0,8	1,4	2,0	4,0	3,2	7,6
1523 Ørskog	4,5	0,6	5,3	2,0	1,8	1,1	8,7	15,2
1524 Norddal	5,4	0,1	1,9	1,9	1,1	6,1	2,9	15,8
1525 Stranda	2,5	0,0	27,6	0,6	0,7	1,0	4,0	0,5
1526 Stordal	2,6	0,2	27,4	12,4	24,5	5,6	2,1	3,7
1528 Sykkylven	1,5	0,1	3,5	0,3	0,0	1,0	3,1	3,4
1529 Skodje	1,3	17,1	19,3	1,1	3,7	0,4	1,1	2,9
1531 Sula	1,3	3,0	29,0	0,5	10,0	0,3	5,1	3,8
1532 Giske	1,3	0,3	60,5	0,4	7,5	7,4	3,0	20,8
1534 Haram	6,3	0,8	4,6	2,8	2,8	0,1	2,7	4,0
1535 Vestnes	0,2	1,1	1,3	1,7	1,2	1,1	4,8	3,6
1539 Rauma	3,6	1,1	4,2	4,3	1,9	0,6	1,8	7,3
1543 Nesset	0,9	2,9	5,6	2,2	4,3	1,1	1,4	2,8
1545 Midsund	0,4	0,5	3,1	0,9	1,5	0,0	7,4	14,3
1546 Sandøy	1,3	19,4	0,0	0,1	2,5	0,8	12,2	5,5
1547 Aukra	1,0	11,7	56,7	5,7	6,2	1,0	7,8	20,9
1548 Fræna	1,3	0,0	7,9	0,6	6,0	0,7	2,9	3,9
1551 Eide	1,5	5,4	0,1	2,0	1,5	0,4	1,0	2,9
1554 Averøy	21,9	1,7	4,3	0,6	2,6	0,1	1,9	6,3
1557 Gjemnes	2,4	0,2	0,5	0,9	1,4	0,0	0,1	1,9
1560 Tingvoll	1,9	10,5	0,4	5,0	5,1	0,2	1,1	7,9
1563 Sunndal	1,4	0,6	1,6	4,7	1,6	2,5	2,2	6,6
1566 Surnadal	1,2	2,5	4,0	3,5	1,9	0,1	2,4	5,7
1567 Rindal	1,8	0,2	2,1	0,7	2,7	11,6	1,1	23,2
1571 Halså	1,6	1,9	53,0	0,0	0,7	0,8	1,6	3,7
1573 Smøla	1,3	0,5	3,2	0,5	10,7	0,2	2,5	4,1
1576 Aure	3,4	5,7	1,6	0,3	3,1	11,0	1,8	4,1
Møre og Romsdal	2,9	1,9	10,3	3,1	5,6	3,6	5,2	9,0
Noreg utan Oslo	2,0	1,8	7,6	3,8	7,0	3,9	3,9	8,1

Kjelde: SSB

3.2 – LÅNEGJELD

Etter å ha sett investeringsnivået og kva kommunane investerer i, går turen til å sjå på korleis investeringane blir finansiert. Ofte blir det vist til netto lånegjeld som hovudindikatoren for å gjere greie for lånesituasjonen og for å samanlikne lånegjeld mellom kommunar. Figuren under dekomponerer langsiktig gjeld ekskludert pensjonsforpliktingar, og viser lånegjelda i milliardar kroner.



Av figuren går det fram at utlån og unyttå lånemidlar ikkje er medrekna i netto lånegjeld. Utlåna skal i utgangspunktet vere sjølvfinansierande. Unyttå lånemidlar blir ikkje definert som netto lånegjeld før dei er brukt, sjølv om dei representerer avdrags- og renteutgifter i årsbudsjettet. Figuren viser at sjølvkostanlegg er definert inn under netto lånegjeld. Sjølvkostanlegga er likevel ikkje med i omgrepa «avdragsgjeld» og «rentegjeld».

Avdragsgjelda er definert som netto lånegjeld når finansieringsordninga for sjukeheim der staten dekkjer både renter og avdrag er trekt frå. Resterande del av gjelda i netto lånegjeld må kommunekassa sjølv betale avdrag for.

Rentegjelda er netto lånegjeld når alle rentekompensasjonsordningar er trekt frå. Det utgjer den delen av lånegjelda der kommunekassa sjølv må dekke rentene.

Figuren på neste side viser den tekniske utrekninga for å få netto lånegjeld og netto renteeksponert lånegjeld.

Langsiktig gjeld eks. pensjonsforpliktelser

(hentet fra KOSTRA, grunnlagsdata til faktaark "A1. Konsern - Finansielle nøkkeltall. - nivå 3")

- Utlån og ubrukte lånemidler

= Netto lånegjeld

(hentet fra KOSTRA, grunnlagsdata til faktaark "A1. Konsern - Finansielle nøkkeltall. - nivå 3")

- Selvkostanlegg

(= kalkulerte rentekostnader fra KOSTRA-skjema 23 for VAR-sektoren dividert med kalkylerenten for 2013, som var på 2,63 %.)

- Beregningsgrunnlag for rentekompensasjonsordningene

(tall mottatt fra Husbanken for ordningene for skole/svømmeanlegg, kirke og omsorgsboliger)


- Bank, sertifikater og obligasjoner fratrukkte lånemidler og kassekreditt

(dvs. den delen av kommunens rentebærende likviditet som ikke er lånefinansiert. Tall hentet fra KOSTRA, "Økonomisk oversikt, balanse, konsern")

= Netto renteeksponering

Kjelde: KMD

Figuren under viser netto lånegjeld målt i prosent av brutto driftsinntekter for kommunane i Møre og Romsdal samla, og for alle kommunane i Noreg utanom Oslo.



Av figuren går det fram at kommunane i Møre og Romsdal har høgare netto lånegjeld enn Noreg utan Oslo dei tre siste år, målt i prosent av brutto driftsinntekter. Frå 2012 til 2014 auka netto lånegjeld til kommunane i Møre og Romsdal med 6,7 prosentpoeng i høve til brutto driftsinntekter. Lånegjelda for alle kommunane utanom Oslo har auka med om lag 5 prosentpoeng frå 2012 til 79,3 prosent av brutto driftsinntekter i 2014. Netto lånegjeld er omlag 17,5 prosentpoeng høgare i kommunane i Møre og Romsdal samla, målt i brutto driftsinntekter, enn for alle kommunane utanom Oslo i 2014.

Det er uvisse om Stranda kommune har rapportert inn alle konserntala knytt til lånegjeld. Det kan sjå ut som tala for Stranda Hamnevesen KF ikkje er rapportert. Det vil utgjere 0,5 prosentpoeng høgare

netto lånegjeld for kommunane i Møre og Romsdal samla. For Stranda kommune vil det gi ytterlegare 28 prosentpoeng høgare netto lånegjeld.

Tabell 6			
Lånefinansiering av investeringsbehovet			
	2012	2013	2014
1502 Molde	72,8 %	77,0 %	90,0 %
1504 Ålesund	81,9 %	58,4 %	81,1 %
1505 Kristiansund	76,4 %	83,0 %	70,0 %
1511 Vanylven	87,2 %	73,2 %	77,6 %
1514 Sande	79,6 %	75,7 %	80,9 %
1515 Herøy	81,6 %	68,1 %	98,2 %
1516 Ulstein	78,5 %	83,8 %	93,2 %
1517 Hareid	83,1 %	75,2 %	76,2 %
1519 Volda	78,4 %	60,3 %	77,2 %
1520 Ørsta	105,7 %	49,0 %	30,5 %
1523 Ørskog	82,6 %	73,2 %	74,0 %
1524 Norddal	95,8 %	85,4 %	93,2 %
1525 Stranda	84,8 %	78,3 %	5,2 %
1526 Stordal	48,7 %	84,7 %	96,9 %
1528 Sykkylven	77,6 %	83,4 %	18,9 %
1529 Skodje	75,2 %	97,4 %	94,0 %
1531 Sula	79,4 %	82,5 %	98,7 %
1532 Giske	86,2 %	83,4 %	97,3 %
1534 Haram	83,3 %	94,3 %	77,6 %
1535 Vestnes	79,9 %	28,2 %	77,6 %
1539 Rauma	74,2 %	46,8 %	84,6 %
1543 Nesset	57,5 %	68,9 %	80,2 %
1545 Midsund	84,4 %	63,8 %	105,8 %
1546 Sandøy	73,2 %	84,9 %	99,9 %
1547 Aukra	66,9 %	44,7 %	4,8 %
1548 Fræna	75,0 %	76,7 %	72,0 %
1551 Eide	83,4 %	75,3 %	65,9 %
1554 Averøy	70,4 %	68,5 %	80,4 %
1557 Gjemnes	48,6 %	64,2 %	41,8 %
1560 Tingvoll	88,2 %	86,8 %	97,2 %
1563 Sunndal	68,4 %	64,5 %	94,5 %
1566 Surnadal	79,9 %	68,0 %	76,3 %
1567 Rindal	56,2 %	64,6 %	62,1 %
1571 Halså	59,4 %	86,1 %	76,2 %
1573 Smøla	84,3 %	78,9 %	-4,3 %
1576 Aure	3,8 %	86,6 %	3,7 %
Møre og Romsdal	77,1 %	71,5 %	79,3 %
Noreg utan Oslo	67,9 %	68,5 %	50,4 %

Kjelde: SSB

Kommunar har i hovudsak berre lov til å lånefinansiere investeringar i bygningar, anlegg og varige driftsmidlar til eigen nytte. Tabell 6 viser kor stor del av investeringane kommunane finansierer med lån. Tala er rekna ut frå bruk av lån delt på finansieringsbehovet.

Tabell 6 viser at kommunane i Møre og Romsdal lånefinansierer ein høgare del av investeringane enn landsgjennomsnittet utanom Oslo. Kommunane i Møre og Romsdal lånefinansierte om lag 29 prosent meir av finansieringsbehovet enn landsgjennomsnittet utanom Oslo i 2014.

På kommunenivå er det store variasjonar mellom kommunane, og i kommunane frå år til år. Til dømes lånefinansierte Herøy 98,2 prosent av investeringsbehovet med lån i 2014, mot 68,1 prosent i 2013. Av Tabell 5 går det fram at kommunen investerte for 9,8 prosent av brutto driftsinntekt i 2013, og for 23,1 prosent i 2014. Det er klart at det er lettare for ein kommune i eit år med relativt små investeringar å fullfinansiere dei med egne midlar, enn det er år med store investeringar. Tilskottsordningar frå staten eller andre vil òg redusere behovet for å ta opp lån.

Tendensen dei siste åra er at kommunane i Møre og Romsdal har eit litt høgare investeringsnivå enn gjennomsnittet av landet utanom Oslo. Kommunane i Møre og Romsdal lånefinansierer ein større del av investeringane og nyttar lengre tid for å betale tilbake lånegjelda. Med bakgrunn i dette er det ikkje overraskande at lånegjelda for

kommunane i Møre og Romsdal ligg over gjennomsnittet til landet utanom Oslo.

Tabell 7			
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	2012	2013	2014
1502 Molde	117,2 %	123,0 %	122,6 %
1504 Ålesund	89,0 %	96,2 %	102,5 %
1505 Kristiansund	71,9 %	74,0 %	83,1 %
1511 Vanylven	60,9 %	69,3 %	74,4 %
1514 Sande	76,1 %	79,4 %	78,9 %
1515 Herøy	81,6 %	81,6 %	94,4 %
1516 Ulstein	148,1 %	160,4 %	187,8 %
1517 Hareid	95,8 %	90,8 %	88,1 %
1519 Volda	100,5 %	98,1 %	89,9 %
1520 Ørsta	85,5 %	83,1 %	78,7 %
1523 Ørskog	65,4 %	67,1 %	73,3 %
1524 Norddal	112,4 %	116,7 %	120,6 %
1525 Stranda	265,9 %	226,4 %	178,5 %
1526 Stordal	77,7 %	92,6 %	105,5 %
1528 Sykkylven	91,9 %	91,0 %	95,0 %
1529 Skodje	91,4 %	85,8 %	94,5 %
1531 Sula	94,2 %	97,8 %	100,9 %
1532 Giske	102,3 %	133,4 %	164,7 %
1534 Haram	112,0 %	112,6 %	112,5 %
1535 Vestnes	67,9 %	64,1 %	63,6 %
1539 Rauma	53,7 %	49,8 %	55,3 %
1543 Nesset	81,3 %	80,4 %	86,0 %
1545 Midsund	76,6 %	74,3 %	74,6 %
1546 Sandøy	69,3 %	79,5 %	84,4 %
1547 Aukra	66,5 %	76,0 %	75,3 %
1548 Fræna	87,3 %	85,0 %	77,8 %
1551 Eide	105,2 %	102,4 %	97,6 %
1554 Averøy	124,4 %	113,3 %	116,6 %
1557 Gjemnes	73,6 %	70,9 %	68,6 %
1560 Tingvoll	103,8 %	104,1 %	108,5 %
1563 Sunndal	56,8 %	54,1 %	60,8 %
1566 Surnadal	66,2 %	64,6 %	64,2 %
1567 Rindal	55,5 %	61,7 %	68,0 %
1571 Halså	81,9 %	93,5 %	89,1 %
1573 Smøla	72,8 %	68,6 %	63,0 %
1576 Aure	59,7 %	56,9 %	57,4 %
Møre og Romsdal	90,1 %	91,1 %	96,8 %
Noreg utan Oslo	74,4 %	75,9 %	79,3 %

Kjelde: SSB


Kommunane kan ta opp lån for å finansiere investeringar. Ei investering kan til dømes vere bygging av ein skule eller ein sjukeheim. Når ein kommune finansierer investeringar med lån, vil det seie at dei må nytte framtidige inntekter til å betale for investeringa. Med andre ord så blir det framtidige økonomiske handlingsrommet redusert i takt med aukande lånegjeld. Likevel kan behovet for investeringar vere høg i ein periode, og låg i den neste. Ein kommune som har vore igjennom ein periode med store investeringar kan ha dekt investeringsbehovet for ei tid framover, og kan difor nytte åra som kjem til å betale ned på lånegjelda.

Tabell 7 viser netto lånegjeld på kommunenivå i Møre og Romsdal. Vi ser at storleiken på lånegjelda varierer mykje frå kommune til kommune. Rauma har den lågaste netto lånegjelda i Møre og Romsdal med 55,3 prosent av brutto driftsinntekter. Kommunen med den høgaste lånegjelda sett i høve til brutto driftsinntekter er Ulstein med 187,8 prosent. Det vil seie at Ulstein må nytte omlag to gongar så mykje som dei har i brutto driftsinntekter for å betale ned heile gjelda. Skilnaden mellom kommunen med høgast og lågast netto lånegjeld er 132,5 prosent-poeng.

I 2014 var det elleve kommunar som hadde over 100 prosent av driftsinntektene i netto lånegjeld. Det er ein kommune meir enn det var i 2012.

Etter kommunelova § 50 skal kommunane betale gjelda si med like årlege avdrag, og avdragstida skal ikkje overgå den attståande levetida for anleggsmidlane. Dei seinare åra har mange kommunar gått over til minste tillatne avdrag. Det vil seie at ein betaler mindre i avdrag kvart år, men over eit lengre tidsrom. Prisen ein betaler for det er meir i rente. Ved å gå over til minste tillatne avdrag vil ein auke det økonomiske handlingsrommet noko på kort sikt, men redusere det på lengre sikt.


Figur 8
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter, 2003 og 2013




Figuren over viser netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter for alle kommunane i Noreg for 2003 og 2013. Dei blå søylene viser tala for 2003 og dei raude rundingane viser netto lånegjeld for same kommune i 2013. Figuren er sortert etter dei blå søylene, frå minst til størst.

Figur 8 viser at det var til dels stor spreing i netto lånegjeld i 2003, med ein «gjelds-elite» som hadde høvesvis meir i lånegjeld enn dei andre kommunane. I Figur 9 under er dei same tala vist, men sortert etter netto lånegjeld i 2013 (raude søyler)

Figur 9
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter, 2013 og 2003




Figur 10
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter, 2003 og 2013



Figuren over viser netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter for 2003 og 2013 for alle kommunane i landet. Figuren viser at det har vore eit klart skifte til høgare lånegjeld i løpet av tiårsperioden. Aukinga i netto lånegjeld er jamt spreidd mellom kommunane, med ein «gjelds-elite» øvst.


Figuren under viser oppsummert endringa i netto lånegjeld frå 2003 til 2013. Figuren viser at kommunane som hadde høg gjeld i 2003 har bygd den ned i løpet av tiårsperioden.

Figur 11
Endring i netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt, frå 2003 til 2013



Figur 12

Langsiktig gjeld ekskludert pensjonsforpliktingar, dekomponert, konsern, 2013



Figuren viser langsiktig gjeld ekskludert pensjonsforpliktingar for kommunane i fylka samla. Langsiktig gjeld er dekomponert på utlån og unytta lånemidlar, sjølvkost, gjeld knytt til rentekompensasjonsordningar, likviditet og renteeksponert. Stolpane er sortert etter kor stor del av brutto driftsinntekter den renteeksponerte gjelda utgjør, frå minst til størst.

Kommunane i Møre og Romsdal har den høgaste langsiktige gjelda ekskludert pensjonsforpliktingar, målt i prosent av brutto driftsinntekter.


Den renteeksponerte gjelda for kommunane her i fylket er den tredje høgaste. Kommunane i Finnmark og Troms har ein liten del høgare eksponert lånegjeld. Årsaka til at kommunane i Møre og Romsdal har lågare del med renteeksponert lånegjeld i høve til kommunane i Finnmark og Troms, er at kommunane her i fylket har ein større del «likviditet». Som omtala er det den delen av kommunane sin rentebærande likviditet som ikkje er lånefinansiert. Døme kan vere bankinnskott, sertifikat og obligasjonar, men ikkje unytta lånemidlar og kassakreditt.

Kommunane i Oppland og Buskerud lågast renteeksponert gjeld.

Figuren på neste side viser dekomponert langsiktig gjeld ekskludert pensjonsforpliktingar på kommunenivå i Møre og Romsdal. Stolpane er sortert etter storleiken på renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter, frå lågast til høgast del.


Figuren viser at det er store skilnadar mellom kommunane i Møre og Romsdal.

Figur 13
Langsiktig gjeld ekskludert pensjonsforpliktingar, konsern, 2013



Storleiken på den renteeksponerte gjelda avgjer i kva grad ei renteauking vil ha innverknad på driftsbudsjettet i form av høgare renteutgifter. Kommunane kan redusere innverknaden på driftsbudsjettet ved å binde rentenivået, til dømes gjennom fastrenteavtalar. Figuren under viser i kva grad kommunane har valt å binde renta på låneopptaka sine.


Figur 14
Låneopptak med rentebinding



Figuren over viser utviklinga for rentebinding på banklån. For 2014 utgjorde låna i oversikta her om lag 250 milliardar kroner. Det går fram at i overkant av 20 pst av låna i første kvartal av 2014 hadde ei rentebindingsperiode på over eitt år. Det er om lag 50 til 55 milliardar kroner. Det er verdt å merke seg at derivat (rentebytteavtalar og liknande.) eller obligasjonslån ikkje er med i denne oversikta.

Figur 15

Netto renteeksponering og netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt 2013



Figuren over viser både netto renteeksponering ved dei raude søylene og netto lånegjeld ved blå prikkar i prosent av brutto driftsinntekt for alle kommunane i Noreg. I tillegg er det eit utdrag for dei ti kommunane som har høgast netto renteeksponering.


Av dei ti kommunane som har høgast renteeksponert lånegjeld er Molde, Giske og Ulstein kommunar frå Møre og Romsdal. Stranda kommune hadde ikkje rapportert til SSB då departementet henta ut tal til å gjere denne analysen. Det er sannsynleg at også Stranda kommune hadde vore i topp ti om dei hadde rapportert. Det gir i så fall at fire av dei ti kommunane med høgast renteeksponert lånegjeld var i Møre og Romsdal i 2013.

3.3 – KOMMUNALE GARANTJAR

Kommunane kan stille garanti ovanfor lån tatt opp av verksemd som drivast av andre enn kommunen sjølv. Føremålet med adgangen til å stille med garanti er at kommunane skal kunne ha eit verkemiddel til å stimulere til aktivitet, der det elles ikkje har vore muleg på grunn av økonomi. Reglane knytt til kommunale garantjar er gitt i kommunelova § 51 og i tilhøyrande forskrift.


Figuren under viser alle kommunane i landet sine garantipliktar i kroner per innbyggjar.


Figur 16
Garantipliktar



Figuren viser at det ikkje er store kommunevise skilnadar i garantipliktar, men at det er ei lita gruppe kommunar som har veldig høge garantipliktar. Neste figur viser kva for føremål garantien gjeld.

Figur 17
Sektorvis garantiføremål, nasjonalt nivå





Figuren over viser samla garantiansvar i kroner per innbygger for kommunane i Møre og Romsdal. Kjelda er årsrekneskapen til kommunane for 2012, og dataa vart samla inn i samband med undersøkinga til KMD sommaren 2013.

Det er ikkje store variasjonar i garantipliktar mellom kommunane i Møre og Romsdal. Norddal og Stordal kommunar har den største garantiplikta i høve til talet på innbyggerar. Norddal kommune har mest med nærare 18 000 kroner per innbygger.


Som nemnt kan kommunane stille garanti for å stimulere til ønskja aktivitet. Til ein viss grad kan også kommunale garantiar bli nytta som eit verkemiddel til å få gunstige finansieringsvilkår i dei høva kommunane ser det som føremålstenleg med ei ekstern organisatorisk løysing. Til dømes er ein stor del av garantiplikta til Norddal kommune knytt opp mot Muritunet AS som driv innan rehabilitering.

Det er viktig å ha i mente at ein kommune hefter for lån som er kausjonert for på same måte som si eiga gjeld, sjølv om ikkje garantiplikta er medrekna i oversiktane som viser lånegjeld.

4 – BRUTTO DRIFTSRESULTAT, NETTO DRIFTSRESULTAT OG LÅNEGJELD

Tidlegare har vi vore innom at det er ein samanheng mellom brutto -, netto driftsresultat og lånegjeld. Om ein kommune har høge netto finansutgifter, må kommunen ha eit høgt brutto driftsresultat for å få eit solid netto driftsresultat. Motsett blir det for ein kommune med låge netto finansutgifter. Dei kommunane treng eit relativt lågare brutto driftsresultat for å få same netto driftsresultat som ein kommune med høge netto finansutgifter.

Figur 19 viser korleis denne samanhengen mellom brutto driftsresultat og netto lånegjeld er på lands- og fylkesnivå. Tala er rekna ut frå dei siste fem rekneskapa for alle kommunane i fylka i eit, og er gitt i prosent av brutto driftsinntekter.




I Figur 19 er brutto driftsresultat (stolpane) sortert frå høgast til lågast. Den grå linja viser netto lånegjeld på fylkesnivå. Den svarte linja er ei trendlinje. Den er rekna ut frå nivået på netto lånegjeld mellom fylka. Trendlinja viser på den måten kva som er trenden, eller gjennomsnittet, å ha i netto lånegjeld med det brutto driftsresultatet.

Trendlinja viser at det er ein korrelasjon mellom storleiken på brutto driftsresultat og netto lånegjeld. Dei kommunane (fylkesvis) som har relativt høgare netto lånegjeld, har òg relativt høgare brutto driftsresultat. For nokre fylke ligg netto lånegjeld (den grå linja) over trendlinja, og andre under. Om ein

ligg over vil det seie at ein har høgare netto lånegjeld enn gjennomsnittet med det brutto driftsresultat. Isolert indikerer det at ein vil ha eit lågare netto driftsresultat enn gjennomsnittet til landet.

Figur 19 viser at dei fire fylka som har størst netto lånegjeld i høve til brutto driftsresultat er mellom anna Aust Agder, Møre og Romsdal, Troms og Finnmark. Når ein har lågt brutto driftsresultat, og høg netto lånegjeld, kan det tyde på at ein får eit lågt netto driftsresultat. Vi skal sjå nærare på det i Figur 7.

Figur 20 viser netto driftsresultat og netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter på lands- og fylkesnivå. Netto driftsresultat (stolpane) er sortert frå høgast til lågast. Den grå linja er netto lånegjeld. Den svarte linja er trendlinja, eller gjennomsnittet for netto lånegjeld i høve til netto driftsresultat.



Trendlinja viser at i takt med at netto lånegjeld aukar, så er netto driftsresultat fallande. Det kan tyde på at kommunane med høg netto lånegjeld undervurderer kostnadane knytt til gjelda, og at drifta er på eit for høgt nivå. Resultatet blir eit lågt netto driftsresultat.

I Figur 19 var Aust-Agder, Troms, Finnmark og Møre og Romsdal dei fylka som hadde høgast netto lånegjeld i høve til brutto driftsresultat. I Figur 20 er dei fire fylka å finne blant dei ni fylka med lågast netto driftsresultat.

At ein kommune har høg lånegjeld kan ha fleire årsaker. Ei årsak kan vere at kommunen har vore igjennom ein periode med høgt investeringsbehov, og har difor akkumulert ei høg gjeld. Når behovet er dekt, kan kommunen nytte åra som kjem til å betale ned gjelda. Ei anna årsak kan vere at kommunen

har eit høgt driftsnivå, og har difor ikkje egne midlar til finansiering av investeringane. Det gir i så fall grunn til å vurdere sin eigen situasjon nøye med tanke på om inntektene gir grunnlag for å halde drifta på det nivået kommunen har i dag.

Tabell 8 viser tala som er nytta i Figur 19 og 20. Tala er rekna ut for dei fem siste rekneskapa i eitt. Tabell 8 er sortert etter det fylke som har kommunane med høgast netto lånegjeld i høve til brutto driftsinntekt. Som Tabell 8 viser, har kommunane i Møre og Romsdal den tredje høgaste netto lånegjelda, målt i prosent av brutto driftsinntekt. Det er seks fylke der kommunane samla har eit høgare brutto driftsresultat enn kommunane i Møre og Romsdal. Tabell 8 viser òg at kommunane i Møre og Romsdal ligg blant det lågaste netto driftsresultatet dei siste fem år i eitt.

Tabell 8			
Gjennomsnitt for siste 5 år			
	Netto lånegjeld i %	Brutto driftsresultat i %	Netto driftsresultat i %
Aust-Agder	92,0 %	0,5 %	1,7 %
Finnmark	91,5 %	3,0 %	2,1 %
Møre og Romsdal	91,0 %	2,3 %	1,6 %
Vest-Agder	90,9 %	1,2 %	2,6 %
Troms	90,7 %	2,9 %	1,6 %
Sør-Trøndelag	88,2 %	2,8 %	3,5 %
Akershus	83,2 %	3,9 %	3,8 %
Nord-Trøndelag	78,1 %	3,0 %	1,6 %
Østfold	75,8 %	1,9 %	1,3 %
Landet uten Oslo	75,3 %	1,9 %	2,3 %
Sogn og Fjordane	75,2 %	2,4 %	2,3 %
Telemark	74,8 %	-0,5 %	1,2 %
Nordland	68,4 %	1,9 %	1,9 %
Hordaland	68,4 %	0,9 %	1,7 %
Hedmark	66,9 %	2,2 %	2,3 %
Vestfold	66,8 %	1,8 %	2,9 %
Buskerud	63,6 %	1,2 %	2,2 %
Rogaland	60,7 %	0,6 %	2,4 %
Oppland	56,4 %	1,0 %	2,5 %

Kjelde: SSB

5 – FOND

Tabell 9 viser kommunane sine ubundne fond i prosent av brutto driftsinntekter. Disposisjonsfondet er frie midlar som kommunane kan nytte etter eige ynskje. Ubundne investeringsfond kan nyttast til investeringar etter eget ynskje.

	Tabell 9 Disposisjonsfond			Ubundne investeringsfond		
	2012	2013	2014	2012	2013	2014
1502 Molde	0,7 %	0,8 %	0,6 %	6,0 %	6,0 %	5,5 %
1504 Ålesund	1,6 %	0,9 %	0,6 %	5,3 %	4,7 %	2,8 %
1505 Kristiansund	1,7 %	1,5 %	0,0 %	0,8 %	0,6 %	0,1 %
1511 Vanylven	0,0 %	1,7 %	2,3 %	0,1 %	0,2 %	0,5 %
1514 Sande	0,5 %	2,5 %	1,7 %	17,9 %	16,7 %	15,3 %
1515 Herøy	2,5 %	2,1 %	1,8 %	2,5 %	1,3 %	1,3 %
1516 Ulstein	2,0 %	2,2 %	4,7 %	0,1 %	4,0 %	3,5 %
1517 Hareid	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,9 %	0,8 %	0,8 %
1519 Volda	2,5 %	0,7 %	2,3 %	10,4 %	9,7 %	8,4 %
1520 Ørsta	0,6 %	1,2 %	1,7 %	0,2 %	2,7 %	2,0 %
1523 Ørskog	8,5 %	7,4 %	6,8 %	1,9 %	1,8 %	0,0 %
1524 Norddal	13,3 %	7,0 %	2,5 %	14,9 %	15,1 %	13,9 %
1525 Stranda	:	0,4 %	0,7 %	:	1,9 %	0,3 %
1526 Stordal	0,2 %	0,4 %	13,6 %	30,2 %	30,0 %	28,2 %
1528 Sykkylven	0,3 %	0,5 %	0,5 %	1,4 %	1,3 %	0,6 %
1529 Skodje	12,1 %	11,4 %	4,4 %	7,3 %	6,7 %	6,7 %
1531 Sula	8,9 %	10,3 %	12,2 %	11,1 %	10,5 %	10,0 %
1532 Giske	1,7 %	3,3 %	2,5 %	25,9 %	23,3 %	23,1 %
1534 Haram	0,0 %	0,4 %	1,7 %	43,9 %	42,0 %	41,6 %
1535 Vestnes	0,1 %	0,3 %	0,3 %	27,0 %	19,9 %	19,5 %
1539 Rauma	1,6 %	0,6 %	0,5 %	4,3 %	3,2 %	1,6 %
1543 Nesset	2,8 %	1,9 %	1,4 %	0,9 %	0,9 %	0,9 %
1545 Midsund	0,5 %	1,3 %	2,7 %	9,3 %	9,4 %	8,4 %
1546 Sandøy	29,2 %	27,6 %	28,6 %	45,7 %	43,8 %	45,1 %
1547 Aukra	29,0 %	34,4 %	38,5 %	9,5 %	6,5 %	7,0 %
1548 Fræna	0,4 %	0,4 %	0,3 %	15,4 %	14,6 %	14,4 %
1551 Eide	9,8 %	10,6 %	8,5 %	8,3 %	7,8 %	7,5 %
1554 Averøy	1,8 %	1,3 %	0,9 %	0,2 %	0,2 %	0,5 %
1557 Gjemnes	0,3 %	0,3 %	0,3 %	5,5 %	6,5 %	5,7 %
1560 Tingvoll	4,6 %	4,4 %	4,1 %	1,9 %	1,8 %	1,8 %
1563 Sunndal	9,6 %	9,0 %	11,6 %	1,8 %	1,6 %	2,4 %
1566 Surnadal	12,6 %	10,3 %	9,1 %	1,9 %	1,8 %	1,8 %
1567 Rindal	11,9 %	11,8 %	10,4 %	0,5 %	0,0 %	0,0 %
1571 Halså	1,0 %	1,0 %	5,4 %	1,1 %	1,4 %	1,3 %
1573 Smøla	5,0 %	6,8 %	5,7 %	1,4 %	1,4 %	2,4 %
1576 Aure	11,2 %	13,2 %	12,1 %	1,3 %	1,2 %	1,2 %
Møre og Romsdal	3,8 %	3,7 %	3,6 %	7,5 %	6,9 %	6,3 %
Noreg utan Oslo	6,0 %	6,2 %	6,4 %	6,5 %	6,2 %	6,6 %

Tabell 9 viser at disposisjonsfonda til kommunane i Noreg samla utan Oslo ligg i snitt på 6,4 prosent av brutto driftsinntekter. Kommunane i Møre og Romsdal har lågare disposisjonsfond enn kommunane i Noreg samla utan Oslo. Disposisjonsfonda til kommunane i Møre og Romsdal har minka med 0,1 prosentpoeng sia 2012, til 3,6 prosent av brutto driftsinntekter i 2012.


Ubundne investeringsfond kan berre nyttast til å finansiere investeringar. Med høg eigenfinansiering av investeringane vil ein nytte godt av lågare rente- og avdragsutgifter i åra som kjem.

På kommunenivå er det store skilnadar i nivåa på dei ubundne investeringsfonda. Tabell A-2 i appendikset viser alle fonda til kommunane, inkludert bundne drifts- og investeringsfond.

6 – FOLKETALSENDRING OG -PROGNOSE


Inntekta til kommunane kjem i stor grad frå innbyggjarane. Frå innbyggjarane får kommunane mellom anna skatteinntekt og innbyggartilskot. Dei to inntektspostane utgjør dei største inntektspostane for alle kommunane sett under eitt. Innbyggartilskotet blir løyvd gjennom statsbudsjettet og delt på kommunane etter folketal og demografi. Innbyggjarane genererer òg skatteinntekter for kommunane. Med andre ord så får kommunane meir inntekter jo fleire innbyggjarar. Men jo fleire innbyggjarar ein kommune har, jo høgare utgifter får kommunen.

Figur 21
Endring i folketalet frå 2005 til 2015



Figur 21 viser endringa i folketalet i Møre og Romsdal frå 1. januar 2005 til 1. januar 2015. 1. januar 2005 var folketalet i Møre og Romsdal 244 689. 1. januar 2015 var tilsvarende tal 263 719. Det er ei auke på 19 030 innbyggjarar på ti år. I prosent er aukeinga på 7,8. I same periode auka folketalet i Noreg med 12,1 prosent. I Møre og Romsdal skjer folketalsaukeinga i hovudsak i og rundt dei store byane. Kommunane rundt Ålesund er den regionen som har hatt den høgaste veksten i folketalet. Skodje, Ulstein, Giske, Sula og Ålesund har alle hatt over ti prosent auke i folketalet sia 2005 og dei har alle hatt ein høgare vekst enn gjennomsnittet i Noreg. Totalt er det 23 kommunar som har hatt ein vekst i folketalet dei siste ti åra, medan det er 12 som har hatt ein nedgang.

Figur 22 viser endringa i folketalet frå 1. januar 2014 til 1. januar 2015. I Noreg auka folketalet med 56 746 personar, ei auking på 1,1 prosent. I Møre og Romsdal auka folketalet med 2 189 personar, eller 0,8 prosent.




Av Figur 22 går det fram at det var 10 kommunar som hadde ein høgare vekst i folketalet enn gjennomsnittet i landet. Det var 14 kommunar som fekk ein nedgang i folketalet, men det kan vere store variasjonar frå år til år.

Kommunar med særleg høg auking i folketalet får eit eget veksttilskot. Det var tidlegare ei relativ vekstgrense for å få veksttilskot (175 prosent av veksten på landsbasis dei siste tre åra). Frå 2015 er dette endra til ei absolutt vekstgrense på 1,6 prosent i gjennomsnittleg årleg folketalsvekst dei tre siste åra. Endringa vil føre til at fleire kommunar kjem inn under ordninga.

Figur 23

Prognose for endring i folketallet i prosent frå 2015 til 2025



Figur 23 viser eit kart over mellomalternativet i utviklinga i folketalet til SSB. Tala som prognosen bygger på er middels fruktbarheit, middels dødelegheit, middels innanlandsk flyttenivå og middels netto innvandring. Prognosen er framskrive av endringane i folketalet i dei seinare åra. Som ein konsekvens vil dei kommunane som har hatt vekst i folketalet dei siste åra, med dei kriteria òg få vekst i prognosen for åra som kjem. Det same vil det vere for dei kommunane som har hatt ein nedgang i folketalet. Dei vil på same måte få ei prognose som viser at nedgangen vil halde fram. Ein må presisere at dette er ei prognose og at det er knytt ein del uvisse til tala. Mellom anna har netto innvandring frå utlandet vore høg i mange kommunar på grunn av behovet for arbeidskraft. I dei aktuelle kommunane vil det vere vanskeleg å seie sikkert om tendensen med høg netto innvandring frå utlandet kjem til å vare ved i åra som kjem. På grunn av det er det knytt enda større uvisse til prognosen for dei kommunane. Tabell med dei absolute tala er i appendikset bak i rapporten.

I følgje prognosane vil folketalet i Møre og Romsdal auke med 8,5 prosent frå 2015 til 2025. Det betyr ei auke med 22 290 personar. Om prognosen stemmer, vil det den 1. januar 2025 vere 286 009 innbyggjarar i Møre og Romsdal. Prognosane for Noreg er at folketalet vil auke med 10,5 prosent, eller 544 811 personar. Den 1. januar i 2025 vil det då vere 5 710 613 personar i Noreg.

Tabellen under viser framskriven utvikling for seks ulike aldersgrupper. Framskrivningane er basert på SSB sitt mellomalternativ.

Tabell 10												
Framskriven utvikling for 6 ulike aldersgrupper basert på SSBs mellomalternativ												
	0 til 5 år		6 til 15 år		16 til 19 år		20 til 66 år		67 til 79 år		80 år og oppover	
	2015	2040	2015	2040	2015	2040	2015	2040	2015	2040	2015	2040
Molde	1 821	1 970	3 043	3 721	1 435	1 564	16 124	18 004	2 695	4 199	1 274	2 735
Ålesund	3 333	3 586	5 645	6 460	2 324	2 735	28 831	33 289	4 158	7 160	2 025	4 233
Kristiansund	1 623	1 846	2 886	3 373	1 209	1 409	15 165	17 778	2 560	3 988	1 064	2 591
Vanylven	159	116	353	232	196	97	1 854	1 064	457	477	239	401
Sande	133	136	299	260	136	112	1 573	1 511	310	442	184	282
Herøy	613	605	1 160	1 139	498	474	5 291	5 381	907	1 402	465	862
Ulstein	630	774	1 184	1 419	461	551	5 014	6 822	699	1 419	304	695
Hareid	384	342	621	623	274	262	3 041	2 972	475	737	270	484
Volda	584	750	1 131	1 374	542	582	5 314	6 274	933	1 363	473	861
Ørsta	782	833	1 335	1 469	556	605	6 183	6 438	1 101	1 605	632	1 077
Ørskog	159	174	287	319	112	140	1 367	1 537	250	338	119	261
Norddal	104	75	219	134	100	48	915	589	215	247	123	186
Stranda	269	327	557	603	256	246	2 659	2 694	542	714	322	433
Stordal	56	76	174	140	58	53	579	627	117	177	59	106
Sykkylven	533	498	1 051	878	397	351	4 568	4 095	754	1 201	404	787
Skodje	411	488	599	825	244	334	2 686	3 607	355	680	170	410
Sula	843	907	1 194	1 489	461	587	5 188	6 823	730	1 247	439	812
Giske	679	907	1 162	1 534	442	603	4 631	6 481	678	1 140	332	717
Haram	628	704	1 158	1 248	501	509	5 333	5 481	968	1 373	532	928
Vestnes	399	437	774	813	390	347	4 069	3 884	756	1 102	320	730
Rauma	508	456	868	825	403	354	4 297	3 917	853	1 171	516	807
Neset	158	165	340	315	151	133	1 764	1 447	370	491	192	333
Midsund	164	172	280	320	120	122	1 131	1 267	232	323	141	191
Sandøy	81	69	148	125	76	52	717	548	140	183	100	146
Aukra	262	296	490	519	188	207	1 958	2 312	387	495	181	330
Fræna	703	796	1 298	1 439	532	584	5 840	6 453	1 003	1 553	411	971
Eide	255	280	496	501	190	202	2 018	2 162	334	523	170	350
Averøy	404	444	744	792	284	314	3 450	3 738	644	938	268	629
Gjemnes	154	134	351	239	111	94	1 506	1 248	309	379	149	299
Tingvoll	179	152	353	297	148	127	1 790	1 596	431	519	189	342
Sunndal	403	374	844	766	423	327	4 249	3 737	785	1 245	451	811
Surnadal	333	363	727	727	352	298	3 461	3 294	783	1 044	320	669
Rindal	126	155	262	295	118	122	1 118	1 247	259	333	155	196
Halsa	75	73	197	149	58	64	887	725	241	233	105	210
Smøla	121	138	233	262	90	108	1 267	1 256	295	344	140	267
Aure	191	211	406	400	192	163	2 064	2 014	463	615	233	402
M&R	18 260	19 829	32 869	36 024	14 028	14 880	157 902	172 312	27 189	41 400	13 471	26 544
Noreg	373	418	622	719	262	293	3 184	3 628	502	807	220	455
Noreg	954	870	464	571	481	693	162	837	304	003	437	588

Kjelde: SSB / KMD

Tabell 11 Tal på personar i arbeidsfør alder for kvar pensjonist (over 67 år)		
	2015	2040
1502 Molde	4,1	2,6
1504 Ålesund	4,7	2,9
1505 Kristiansund	4,2	2,7
1511 Vanylven	2,7	1,2
1514 Sande	3,2	2,1
1515 Herøy	3,9	2,4
1516 Ulstein	5,0	3,2
1517 Hareid	4,1	2,4
1519 Volda	3,8	2,8
1520 Ørsta	3,6	2,4
1523 Ørskog	3,7	2,6
1524 Norddal	2,7	1,4
1525 Stranda	3,1	2,3
1526 Stordal	3,3	2,2
1528 Sykkylven	3,9	2,1
1529 Skodje	5,1	3,3
1531 Sula	4,4	3,3
1532 Giske	4,6	3,5
1534 Haram	3,6	2,4
1535 Vestnes	3,8	2,1
1539 Rauma	3,1	2,0
1543 Nesset	3,1	1,8
1545 Midsund	3,0	2,5
1546 Sandøy	3,0	1,7
1547 Aukra	3,4	2,8
1548 Fræna	4,1	2,6
1551 Eide	4,0	2,5
1554 Averøy	3,8	2,4
1557 Gjemnes	3,3	1,8
1560 Tingvoll	2,9	1,9
1563 Sunndal	3,4	1,8
1566 Surnadal	3,1	1,9
1567 Rindal	2,7	2,4
1571 Halså	2,6	1,6
1573 Smøla	2,9	2,1
1576 Aure	3,0	2,0
Møre og Romsdal	3,9	2,4
Noreg	4,4	2,9

Kjelde: KMD

Tabellen til venstre viser talet på innbyggjarar 20 til 66 år i høve til eldre innbyggjarar, her definert som over 67 år. Innbyggjarar i aldersgruppa 20 til 66 år er definert som arbeidsfør alder, sjølv om ein del innbyggjarar enno er i utdanning eller er erklært arbeidsufør.

Tabellen viser kor mange innbyggjarar i arbeidsfør alder i høve til eldre i 2015 og i 2040, gitt at prognosen viser til å stemme og at kommunane løyser tenesteproduksjonen på same måte som i dag.

Både for landet og for Møre og Romsdal er det reduksjon i talet på innbyggjarar i arbeidsfør alder for kvar pensjonist. Ein reduksjon i talet mellom dei to aldersgruppene betyr at det er færre innbyggjarar i yrkesaktiv alder per innbyggjar i den eldre aldersgruppa.

Den same prognosen er for kvar kommune i fylket. Om prognosen inntreff for Vanylven kommune, vil det berre være 1,2 innbyggjarar i arbeidsfør alder for kvar pensjonist i 2040. Det er ein reduksjon i arbeidsføre innbyggjarar for kvar pensjonist på 55 prosent i høve til i dag.

Det som er mest sikkert med prognosen er at den nok ikkje vil inntreffe eksakt slik som vist. Det er likevel klart at utviklinga er i den retninga som prognosen viser, og prognosen viser ei klar utfordring for både landet og kommunane.

Samstundes som talet på innbyggjarar i arbeidsfør alder for kvar pensjonist blir redusert, aukar behovet for pleie- og omsorgstenester i takt med at det blir fleire eldre. Tabellen på neste side viser prognose for endringar i årsverk knytt til dei ulike tenestene kommunane yt til innbyggjarane.

Tabellen på neste side viser prognose for behovet av årsverk i yrkesaktiv alder (20 til 66 år) per 1 000 innbyggjar som må brukast innanfor dei tre ulike sektorane; barnehage, grunnskule og innan pleie og

omsorg. I berekningane er det tatt utgangspunkt i same dekningsgrad og standard på tenestene som i 2013. Tala er henta frå Kostra 2013 og framskrivingane er basert på SSB sitt mellomalternativ.

Tabell 12									
Kommunale årsverk per 1 000 innbyggjarar									
	Barnehage			Grunnskule			Pleie og omsorg		
	2013	2020	2040	2013	2020	2040	2013	2020	2040
1502 Molde	22,3	23,2	22,0	17,3	17,4	18,5	53,2	54,8	81,6
1504 Ålesund	24,8	25,3	22,5	19,3	18,8	19,0	47,6	47,8	67,6
1505 Kristiansund	24,0	23,8	22,2	23,3	23,0	23,3	50,4	52,4	75,5
1511 Vanylven	20,0	19,0	23,5	28,4	23,3	29,1	56,7	64,5	120,3
1514 Sande	17,8	16,9	16,5	31,2	27,0	27,8	82,8	85,3	118,5
1515 Herøy	23,9	22,2	21,4	20,6	20,5	19,9	45,3	47,5	68,8
1516 Ulstein	26,8	25,7	24,8	26,8	23,0	23,2	33,7	33,5	46,2
1517 Hareid	25,8	22,4	21,5	20,2	21,7	20,5	36,1	37,1	54,8
1519 Volda	27,1	28,2	27,3	26,0	24,6	26,5	54,4	53,3	71,4
1520 Ørsta	25,5	23,7	24,9	23,5	24,2	25,2	45,0	44,2	64,3
1523 Ørskog	27,1	29,0	25,4	25,6	26,8	26,0	62,3	61,4	90,4
1524 Norddal	19,6	18,1	23,8	32,0	31,3	30,6	99,1	109,5	200,3
1525 Stranda	19,8	22,3	23,0	22,8	19,3	23,8	56,1	55,8	73,9
1526 Stordal	27,0	20,8	27,1	30,4	24,0	25,5	67,5	67,1	94,1
1528 Sykkylven	24,6	22,0	23,9	21,9	20,9	20,5	41,5	43,1	79,1
1529 Skodje	28,5	24,4	23,0	24,2	27,2	25,5	49,2	47,1	69,3
1531 Sula	27,4	23,9	23,5	21,9	22,9	20,4	45,2	42,2	54,2
1532 Giske	29,4	27,5	27,2	28,2	27,1	26,1	44,6	41,8	58,8
1534 Haram	23,2	23,6	25,4	22,1	22,1	22,8	47,2	47,1	66,0
1535 Vestnes	19,0	20,1	20,6	21,0	20,3	21,9	96,9	102,0	159,9
1539 Rauma	23,2	22,5	23,7	23,9	26,4	24,8	64,2	66,1	90,9
1543 Nesset	20,8	24,0	25,6	24,8	22,3	27,6	81,0	90,9	145,1
1545 Midsund	26,4	24,3	26,8	20,9	20,0	20,5	81,9	78,1	91,6
1546 Sandøy	27,1	23,5	27,4	35,3	35,2	34,7	71,9	76,4	124,1
1547 Aukra	25,9	25,4	25,5	31,6	32,9	29,8	51,8	52,4	68,8
1548 Fræna	22,3	23,6	22,9	22,7	22,4	22,6	54,9	60,2	88,3
1551 Eide	25,7	23,8	24,1	28,2	29,7	27,3	45,5	48,5	70,3
1554 Averøy	23,4	21,2	23,0	23,1	22,9	23,0	45,3	47,3	69,8
1557 Gjemnes	23,1	22,8	24,8	20,5	18,6	16,8	56,8	61,4	113,8
1560 Tingvoll	19,9	16,3	17,5	24,8	25,6	23,2	50,8	53,6	77,1
1563 Sunndal	18,4	17,5	19,8	27,7	24,6	27,8	63,0	64,8	103,0
1566 Surnadal	20,3	22,5	24,0	22,4	19,9	22,8	76,4	83,0	131,1
1567 Rindal	21,3	23,5	24,1	29,2	25,3	28,9	89,5	88,1	100,2
1571 Halså	18,2	20,4	20,7	23,5	22,8	23,4	84,4	97,4	151,7
1573 Smøla	18,9	18,6	19,9	23,7	21,8	26,3	79,7	81,6	112,3
1576 Aure	23,0	23,4	25,3	32,1	28,1	30,8	61,4	60,9	88,9
Møre og Romsdal	841,5	815,4	844,6	901,1	863,9	886,4	2 173,3	2 248,2	3 342,0
Noreg	74 338,0	76 249,3	82 606,5	62 920,7	65 669,3	72 686,1	132 683,3	143 832,9	220 250,6

Kjelde: KMD

7 – KOMMUNEREFORM OG KOMMUNEØKONOMI



I dette kapitlet ser vi på saker som er i skjæringspunktet mellom kommuneøkonomi og kommunereforma.

Regjeringa har lagt til rette for overgangen til nye kommunar gjennom positive økonomiske verkemidlar. Vi vil sjå nærare på korleis inndelingstilskottet, reformstøtta og eingangsstøtta er satt saman. Regjeringa har også varsla ein samla gjennomgang av inntektssystemet.

I prosessen fram til no har det vore behov for avklaringar av økonomiske spørsmål og saker. Vi vil gå igjennom ein del av avklaringane som er relevant for alle eller mange av kommunane i Møre og Romsdal. Samstundes vil vi vise korleis det aktuelle temaet er i Møre og Romsdal.

Utfyllande informasjon er i kjeldene dette kapitlet baserer seg på:

- [Kommuneproposisjonen 2015](#)
- [Kommuneproposisjonen 2016](#)
- [Høyringsnotat om endringar i inndelingslova og kommunelova](#)
- Kommunereform.no

7.1 – INNDELINGSTILSKOTT, REFORMSTØTTE OG EINGANGSSTØTTE

Regjeringa har lagt opp til fleire økonomiske støtteordningar for dei som ønskjer å lage ein ny kommune. Regjeringa har også varsla full gjennomgang av inntektssystemet i noverande stortingsperiode. I dette delkapittelet ser vi nærare på dette.

Inntektssystemet

Regjeringa har varsla at dei vil gå igjennom inntektssystemet særleg med omsyn kommunereforma. Det er særleg to typar tilskottet som då er relevante, basistilskottet og dei regionalpolitiske tilskotta.

Dagens inntektssystem legg til grunn at smådriftsulemper er ein ufrivillig kostnad for kommunane, og at denne kostnaden blir kompensert fullt ut. Borgeutvalet (NOU 2005:18) peiker på at smådriftsulemper i nokon grad kan bli sett på som noko den einskilde kommune sjølv kan påverke, og redusere, gjennom interkommunale samarbeid eller ved å danne ein ny og større kommune.

Korleis smådriftsulemper blir behandla vil bli vurdert som eitt av fleire element i den samla gjennomgangen av inntektssystemet. I tillegg til at kommunane blir kompensert for kostnadsskilnadar i tenesteproduksjonen, inneheld inntektssystemet tilskott som er grunna i regionalpolitiske mål. Dette omfattar Nord-Norge og Namdalsstilskott, småkommunetilskott, distriktstilskott Sør-Norge og storbytilskott. Utforminga og omfang av dei regionalpolitiske tilskotta vil også bli vurdert som ein del av gjennomgangen av inntektssystemet.

Inndelingstilskottet

Nye kommunar vil få eit såkalla inndelingstilskott etter at den nye kommunen er danna. Inndelingstilskottet er bygd opp av basistilskottet og eventuelle distriktspolitiske tilskott som dei gamle kommunane får gjennom inntektssystemet i 2016.

Basistilskottet er eit likt beløp alle kommunar får årleg. Storleiken på basistilskottet var om lag 12,8 millionar kroner i 2015. Basistilskottet er venta å bli justert opp i tråd med den kommunale deflatoren (løns- og prisvekst) til 2016. Av regionalpolitiske tilskott er som nemnt småkommunetilskott og distriktstilskott Sør-Norge aktuelle for kommunane i Møre og Romsdal.

Inndelingstilskottet vert utrekna som følgjer: $((\text{tal på gamle kommunar} - 1) * \text{basistilskott} + (\text{sum regionalpolitiske tilskott}))$

Inndelingstilskottet blir utbetalt i 20 år etter at den nye kommunen er danna. Inndelingstilskottet blir utbetalt fullt ut i 15 år, før det vert trappa ned med 20 prosentpoeng årleg over 5 år.

Tabellen under viser innbyggartalet på kommunane i Møre og Romsdal, samt basistilskottet og kva for kommunar som mottar regionalpolitiske tilskott i 2015.

Tabell 13				
Kommunar	Innbyggjarar	Basistilskott	Småkommune-tilskott	Distriktstilskott Sør-Norge
1502 Molde	26 392	12 837		
1504 Ålesund	46 316	12 837		
1505 Kristiansund	24 507	12 837		
1511 Vanylven	3 258	12 837		5 624
1514 Sande	2 635	12 837	5 475	
1515 Herøy	8 934	12 837		
1516 Ulstein	8 292	12 837		
1517 Hareid	5 065	12 837		
1519 Volda	8 977	12 837		
1520 Ørsta	10 589	12 837		
1523 Ørskog	2 294	12 837	5 475	
1524 Norddal	1 676	12 837	5 475	
1525 Stranda	4 605	12 837		3 599
1526 Stordal	1 043	12 837	5 475	
1528 Sykkylven	7 707	12 837		
1529 Skodje	4 465	12 837		
1531 Sula	8 855	12 837		
1532 Giske	7 924	12 837		
1534 Haram	9 120	12 837		
1535 Vestnes	6 708	12 837		4 409
1539 Rauma	7 445	12 837		3 181
1543 Nesset	2 975	12 837	5 475	
1545 Midsund	2 068	12 837	5 475	
1546 Sandøy	1 262	12 837	5 475	
1547 Aukra	3 466	12 837		
1548 Fræna	9 787	12 837		
1551 Eide	3 463	12 837		
1554 Averøy	5 794	12 837		
1557 Gjemnes	2 580	12 837	5 475	
1560 Tingvoll	3 090	12 837	5 475	
1563 Sunndal	7 155	12 837		8 235
1566 Surnadal	5 976	12 837		7 414
1567 Rindal	2 038	12 837	5 475	
1571 Halså	1 563	12 837	5 475	
1573 Smøla	2 146	12 837	5 475	
1576 Aure	3 549	12 837		5 809

Kjelde: Grønt hefte 2015

Verdt å merke seg er at inndelingstilskottet ikkje vil trekt inn av staten når det blir trappa ned etter 15 år. Dei politiske signala er den delen av inndelingstilskottet som blir trappa ned vil bli omfordelt til innbyggartilskottet.

Det er varsla at etter reformperioden vil ordninga om inndelingstilskottet bli stramma inn. Omfang og innretning på ordninga, herunder perioden for inndelingstilskottet, vil bli vurdert.

Reformstøtte

Regjeringa har funnet det hensiktsmessig å støtte dei nye kommunane med eit pengebeløp. Utbetalinga av reformstøtte vil skje utan ytterlegare søknad, og blir utbetalt til den nye kommunen når den er danna. Storleiken på reformstøtta blir avgjort etter ein standardisert modell som baserer seg på folketalet i den nye kommunen. Tabellen til høgre viser dei ulike satsane knytt til talet på innbyggjarar i den nye kommunen.

Tal på innbyggjarar i den nye kommunen	Reformstøtte i millionar kroner
0 til 14 999	5
15 000 til 29 999	20
30 000 til 49 999	25
Over 50 000	30

Eingangsstøtte

I fasen frå vedtak til iverksettinga av nye kommunar oppstår det ein del eingangskostnadar. Døme på slike kostnadar er løn og drift av ein felles folkevalt nemnd, løn til prosjektleiar, eventuelt prosjektmedlem og hovudtillitsvalt, involvering av innbyggjarar og tiltak for å skape felles kultur i den nye kommunen, kostnadar til harmonisering av IKT-utstyr, andre tilpassingar og tilrettelegging av servicekontor og intern og ekstern informasjon.

For å gjere eingangsstøtta føreseieleg i prosessen har departementet laga ein standardisert modell for utrekninga. Tabellen er gjengitt under.


Tal på gamle kommunar og innbyggjarar i den nye kommunen	Opptil 19 999	Frå 20 000 til 49 999	Frå 50 000 til 99 999	Over 100 000
2 kommunar	20 000 000	25 000 000	30 000 000	35 000 000
3 kommunar	30 000 000	35 000 000	40 000 000	45 000 000
4 kommunar	40 000 000	45 000 000	50 000 000	55 000 000
5 eller fleire kommunar	50 000 000	55 000 000	60 000 000	65 000 000

Beløpet blir utbetalt etter nasjonalt vedtak om nye kommunar.

7.2 – REGISTER OM BETINGA GODKJENNING OG KONTROLL (ROBEK)

Ved endringane i kommunelova i 2001 ble det innført reglar om at kommunar i økonomisk ubalanse skulle vere mål for tettare oppfølging og kontroll frå staten. Før desse endringane var alle kommunar under det same kontrollregime som Robek-kommunane i dag. Føremålet med reduksjonen av statleg kontroll var at mange kommunar handterte økonomistyringa på ein god måte, og at berre dei kommunane som ikkje handterte økonomistyringa skulle bli underlagt reglar om kontroll og godkjenning av økonomiske disposisjonar.

Figuren under viser utviklinga i talet på kommunar som har vore i Robek, både for Møre og Romsdal og for landet.



Figuren viser at det har vore eit høgt tal på Robek-kommunar i Møre og Romsdal relativt til talet for heile Noreg. I 2003 var det 18 av 38 kommunar i Møre og Romsdal som var i Robek. Medan om lag annakvar kommune i Møre og Romsdal var i Robek, var det same talet for alle kommunane i Noreg om lag 20 prosent i 2003.

Talet på kommunar i Robek har variert over tid, både på landsbasis og i Møre og Romsdal. På landsbasis har talet på Robek-kommunar vore rundt 50 sidan 2008, eller rundt 10 prosent av kommunane i Noreg. Det er større variasjon i talet og andelen Robek-kommunar i Møre og Romsdal sidan 2008. Med dei siste utmeldingane i år er det fem kommunar i Robek i Møre og Romsdal.

Oversikta under viser når og kva for kommunar i Møre og Romsdal som har vore i Robek. Det er 25 av totalt 40 kommunar som har vore i Robek i Møre og Romsdal. Somme kommunar har vore innmeldt fleire gonger.


Tabell 14
Robek-historikken i Møre og Romsdal

Tabell 11 Kommune	2001		2002		2003		2004		2005		2006		2007		2008		2009		2010		2011		2012		2013		2014		2015	
	V	H	V	H	V	H	V	H	V	H	V	H	V	H	V	H	V	H	V	H	V	H	V	H	V	H	V	H	V	H
1502 Molde			X	X	X	X	X	X	X																					
1503 Kristiansund (2007)																														
1504 Ålesund	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X												X	X	X	
1505 Kristiansund														X	X	X	X	X	X	X	X	X								
1511 Vanylven	X	X	X	X	X	X																		X	X					
1514 Sande					X	X	X	X	X	X	X	X	X		X	X	X	X	X	X	X	X								
1515 Herøy																														
1516 Ulstein	X	X	X	X	X			X	X	X																				
1517 Hareid	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X					X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	
1519 Volda				X	X	X	X	X	X																	X	X			
1520 Ørsta							X	X	X								X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	
1523 Ørskog																														
1524 Norddal	X	X																												
1525 Stranda	X	X	X	X	X	X	X	X	X											X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	
1526 Stordal																														
1528 Sykkylven	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X						X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	
1529 Skodje	X																													
1531 Sula	X	X	X	X	X	X	X	X	X					X	X															
1532 Giske				X	X	X	X	X	X	X	X	X																		
1534 Haram																														
1535 Vestnes					X	X											X	X	X	X	X	X	X	X						
1539 Rauma	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X																			
1543 Nesset	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X																				
1545 Midsund																							X	X	X					
1546 Sandøy																														
1547 Aukra																														
1548 Fræna	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X							X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	
1551 Eide	X	X	X	X	X																									
1554 Averøy																														
1556 Frei (2007)			X	X	X																									
1557 Gjemnes	X	X	X	X	X	X	X	X											X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	
1560 Tingvoll	X	X	X			X																								
1563 Sunndal																														
1566 Surnadal																														
1567 Rindal																														
1569 Aure (2005)																														
1571 Halså																														
1572 Tustna (2005)	X	X	X	X	X																									
1573 Smøla																														
1576 Aure																														
Møre og Romsdal	16	15	15	17	18	15	16	15	14	7	7	5	4	1	3	5	3	5	6	7	7	10	10	9	8	6	7	8	7	5

Av tabellen går det fram at kommunar har vore i Robek i kortare eller lengre periodar. Fræna og Sykkylven kommunar har vore fleire år i Robek. Dei kan no melde om positive økonomiske resultat som gjer at dei kan bli meldt ut av Robek dei nærmaste åra. Stranda kommune kan òg vise til positive resultat, men har ein større ubalanse og må nytte litt lenger tid før dei kan bli utmeldt av Robek.

Kartet på neste side viser kva for kommunar som er i Robek, markert med raudt. Kartet viser med grøn farge kva for kommunar som har blitt meldt ut av Robek dei siste åra. Kommunane med oransje farge hadde rekneskapsmessig meirforbruk i 2014.

Figur 25
Robek-kartet



Endringar i inndelingslova ([kommuneproposisjonen 2016](#) og [høyringsnotat](#))

Eit av spørsmåla i [høyringsnotatet](#) er korleis Robek-status skal handterast ved overgang til ny kommune. Kommunelova og inndelingslova løyser ikkje dette spørsmålet uttrykkeleg. Ein ny kommune vil ha ansvar for å dekke inn meirforbruk og følgje ein inndekningsplan for korleis det skal skje. Departementet vil understreke at berre kommunar kor det er reelt kontrollbehov, bør stå i Robek. Robek-status bør difor ikkje automatisk bli vidareført til den nye kommunen. Ein slik regel vil ikkje vere tenleg og kunne også verke hemmande i prosessen for å lage nye kommunar. Om ein ny kommune vedtek eit årsbudsjett eller økonomiplan i ubalanse, følgjer innmelding i Robek av gjeldande rett. I dei høve der det føreligg eit reelt kontrollbehov i den nye kommunen, må innmeldinga i Robek av kommunen eventuelt skje gjennom ein ny lovheimel.

I høyringsnotatet ser departementet på to alternativ:

Alternativ 1: automatisk vidareføring av Robek-status, men fullmakt for departementet til å melde den nye kommunen ut av Robek.

Alternativ 2: ikkje automatisk vidareføring av Robek-status, men fullmakt for departementet til å melde den nye kommunen inn i Robek.

Etter alternativ 1 syter departementet for automatisk innmelding i samband med samanslåinga, dersom ein av kommunane var i Robek før samanslåinga. Samtidig får departementet ei tidsavgrensa fullmakt til å vedta at Robek-statusen likevel ikkje skal vidareførast dersom kontrollbehovet ikkje er til stades. Fullmakta gjeld berre fram til tidspunktet (årsskiftet) for samanslåinga. Seinare er det først aktuelt å vurdere utmelding når rekneskapane for året før samanslåinga og den faktiske opningsbalansen er klar i juni.

I alternativ 2 blir utgangspunktet snudd slik at ingen av dei nye kommunane kjem i Robek, sjølv om ein eller fleire av dei opphavlege kommunane var i Robek før samanslåinga. Samstundes får departementet ei tidsavgrensa fullmakt til å vedta at Robek -statusen likevel skal vidareførast, dersom det framleis er eit behov for å kontrollere økonomien i den nye kommunen.

I begge høve skisserer departementet at fullmakta vil bli delegert til fylkesmannen.

Framlegg til lovendring er:

Inndelingslova

§ 16a. Forholdet til kommunelova § 60 skal lyde:

Dersom ein eller fleire av kommunane eller fylkeskommunane som skal slåast saman, er omfatta av kommunelova § 60, kan departementet fram til samanslåinga vedta at kommunelova § 60 skal gjelde for den nye kommunen eller fylkeskommunen. Dette gjeld berre dersom kommunen eller fylkeskommunen ikkje kan ventast å dekke inn meirforbruk frå før samanslåinga innan to år og det etter departementet si vurdering er behov for godkjenning og kontroll.

Kommunelova

Framlegg til ny bokstav til nummer 1 i § 60. *Statlig kontroll og godkjenning av økonomiske forpliktelser* er «e. departementet har fattet vedtak etter lov 15. juni 2001 nr1 70 om fatsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) § 16a.

Høyringsfristen er 1. oktober.

7.3 – EIGEDOMSSKATT OG ANDRE SKATTAR

	Tabell 15 Eigedomsskatt 2014		
	Totalt	Bustad og fritids- eigedommar	Næring, verker og bruk
1502 Molde	76 957	73 385	3 572
1504 Ålesund	28 214	21 725	6 489
1505 Kristiansund	64 317	45 824	18 493
1511 Vanylven	0	0	0
1514 Sande	0	0	0
1515 Herøy	0	0	0
1516 Ulstein	0	0	0
1517 Hareid	4 789	4 789	0
1519 Volda	13 793	10 419	3 374
1520 Ørsta	21 239	17 239	4 000
1523 Ørskog	0	0	0
1524 Norddal	21 884	0	21 884
1525 Stranda	13 493	6 747	6 746
1526 Stordal	0	0	0
1528 Sykkylven	0	0	0
1529 Skodje	0	0	0
1531 Sula	0	0	0
1532 Giske	9 626	8 573	1 053
1534 Haram	0	0	0
1535 Vestnes	8 989	7 120	1 869
1539 Rauma	22 247	6 150	16 097
1543 Nesset	14 078	0	14 078
1545 Midsund	0	0	0
1546 Sandøy	0	0	0
1547 Aukra	170 810	0	170 810
1548 Fræna	49 803	18 574	31 229
1551 Eide	0	0	0
1554 Averøy	22 568	14 676	7 892
1557 Gjemnes	9 964	7 515	2 449
1560 Tingvoll	595	0	595
1563 Sunndal	87 744	5 152	82 592
1566 Surnadal	20 395	3 503	16 892
1567 Rindal	7 704	0	7 704
1571 Halså	6 463	2 854	3 609
1573 Smøla	12 143	0	12 143
1576 Aure	37 100	0	37 100
Møre og Romsdal	724 915	254 245	470 670
Noreg utan Oslo	9 626 585	4 182 484	5 444 101

Kommunane har få moglegheiter til å påverke inntektene sine sjølve, dersom ein ser bort frå tiltak av meir indirekte karakter, som å gjere kommunen meir attraktiv for tilflytting og leggje betre til rette for næringsutvikling. Det finst likevel eit unntak og det er eigedomsskatten.

Kommunane bestemmer sjølv om dei skal ha eigedomsskatt i kommunen og dei bestemmer sjølv nivået på skatten, innanfor rammene fastsett i lov om eigedomsskatt. I vårt fylke hadde 23 kommunar eigedomsskatt i 2014. Av desse var det ein kommune som hadde eigedomsskatt berre på bustad og fritidseigedommar. Sju av kommunane hadde eigedomsskatt berre på næring, verker og bruk.

Fordelinga mellom kommunane er ujamn, noko

som forutan dei openbare politiske årsakene, også skuldast næringsmessige og geografiske forhold. Av dei tre største byane var det Molde som hadde dei høgste inntektene, medan Ålesund hadde lågast inntekter. Aukra med Ormen Lange og Sunndal med aluminiumsverket har den største eigedomsskatten i Møre og Romsdal. Dei skil seg enda meir ut om vi tar omsyn til folketalet i desse to kommunane. Det

er klart at Aukra, Sunndal og andre kommunar med eit godt grunnlag for eigedomsskatt, har hatt eller vil få ein større økonomisk fridom enn andre kommunar i fylket. Kartet under viser at dei fleste av kommunane på Nordmøre og Romsdal har eigedomsskatt, medan det er færre på Sunnmøre.

Figur 26
Eigedomsskattkartet 2014



Kan ein kommunedel (bydel) ha eigedomsskatt, og ikkje ein annan?

Det einaste høve ein kommune har til å skilje eigedomsskatt etter kor innbyggjarane bur, er mellom område ”utbygd på byvis” (eigedomsskatt), det vil seie tettstedar, og dei andre områda (ikkje eigedomsskatt). Utover dette er det ikkje opning i regelverket for å skilje på eigedomsskatten etter geografi, berre etter type skatteobjekt.

I ein ny kommune kan departementet for ein overgangsperiode gjere unntak for reglane. Dette unntaket er heimla i [inndelingsloven § 17](#).

Døme: Då Harstad og Bjarkøy blei ein ny kommune blei følgjande unntak vedtatt i resolusjonen:

«Harstad har eiendomsskatt på boliger med en skattesats på 2,66 promille, og næring med en skattesats på 5,1 promille. Bjarkøy kommune har ikke innført eiendomsskatt. Kommunene ønsker at eiendomsskatten i nåværende Harstad kommune beholdes som i dag i en overgangsperiode på inntil 2 år, med de justeringer kommunestyret kan komme til å gjøre i budsjettvedtak for de kommende årene. Departementet foreslår at det gjøres unntak fra [lov av 6. juni 1975 nr. 29 om eiendomsskatt til kommunene \(eiendomsskattelova\) § 3](#), slik at det fram til 31. desember 2014 kan vedtas utskrivning av eiendomsskatt kun i den del av kommunen som utgjorde Harstad kommune før sammenslåingen.»

Korleis skal den nye kommunen samkjøre eigedomsskatten, og syte for likt takseringsgrunnlag i den nye kommunen?

Skattegrunnlaget (metoden eller tidspunktet for verdifastsetting av bustaden) vil kunne variere mellom dei gamle kommunane. Dette kan til dømes ha basert seg på takseringar gjort lengre tilbake i tid, andre heilt nyleg og så vidare. Utgangspunktet er at ulik innretning av eigedomsskatten ikkje skal vere til hinder for nye kommunar, men at eigedomsskatten må samkjørast i etterkant. Den einskilde skatteyter skal ikkje bli ha ulik skatt for eigedommen sin berre ut frå kva for kommune vedkommande tidlegare høyrd til. På same vis som andre deler av eigedomsskatten (kva for type objekt som er skattepliktige og kva for skattesats som skal brukast) vil måtte samkjørast i etterkant, vil det også gjelde for takseringsgrunnlaget. Kommunane bør i vedtak om samanslåing også klargjere korleis samkjøring av eigedomsskatten skal skje i den nye kommunen.

Kommunane har høve til å nytte verdsettinga som ligg til grunn for likningsverdiane også til eigedomsskatteføremål. Det blei opna for dette i samband med statsbudsjettet for 2013 (kap. 8), og det er regulert i eigedomskattelova § 8 C-1. Kommunane treng altså ikkje gjennomføre ei taksering på eiga hand med alle dei kostnadene som då følgjer med; dei har høve til å hente ut relevante eigedomsdata frå Skatteetaten og leggje desse til grunn for eigedomsskatten i kommunen. På det viset blir prosessen med å samkjøre eigedomsskatten i den nye kommunen, enklare.

Konsekvensar for kraftkommunar


Danninga av nye kommunar kan få konsekvensar for kommunar og fylkeskommunar med kraftinntekter. Departementet gjer her greie for eventuelle konsekvensar.

Kommunane har ulike inntekter frå kraftbransjen. Utanom eigedomsskatt frå kraftverk mottar kommunar som har kraftanlegg innanfor sine kommunegrenser konsesjonskraftinntekter, heimfallsinntekter og naturressursskatt. I tillegg kjem verdiar og inntekter som kommunar får gjennom å vere eigar i kraftselskap. Av desse inntektstypene er det berre naturressursskatten som omfattast av inntektsutjamninga i inntektssystemet. Dei andre inntektstypene vil dei aktuelle kommunane halde fram med å få krone for krone.

Naturressursskatt er overskotsuavhengig og blir utrekna for det ein-skilde kraftverket sin gjennomsnittlege produksjon dei siste sju år. Skatten går til både kommunar og fylkeskommunar.

Kommunen kan velje å skrive ut eigedomsskatt på kraftproduksjonsanlegg på tilsvarende måte som for anna næringsseigedom. Eigedomsskatt kan skrivast ut på inntil 0,7 prosent av eigedomsskattegrunnlaget. Dei aller fleste kommunar ligger på den maksimale skattesatsen på desse skatteobjekta.

Figur 27
Ekstraskattekartet



Kartet over viser samla nivå på eigedomsskatt og konsesjonskraftinntekter per innbyggjar i prosent av landsgjennomsnittet for ordinær skatt.

Konsesjonskraft er ein del av kraftproduksjonen som eigarane av eit vasskraftverk i høve til gitte konsesjonar er pålagt å levere til dei kommunar som utbygginga vedkjem, eventuelt også fylkeskommunen og staten. Samla uttak av konsesjonskraft fastsett Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) når konsesjon gis. Uttaket av konsesjonskraft fordelast mellom kraftkommunane

og fylkeskommunen. Kommunen sitt uttak av konsesjonskraft er avgrensa opp til til behovet for alminneleg elforsyning i kommunen, medan resten vil gå til fylkeskommunen der kraftanlegget er. Alminneleg forsyning omfattar hushaldningar, jordbruk, anleggsverksemd, tenesteytande næring, transport, bergverk og industri (ikkje kraftintensiv industri og treforedling).

Kommunar med lågt folketal og stor kraftproduksjon får altså ikkje tildelt all konsesjonskraft sjølv; noko av konsesjonskrafta vil også gå til fylkeskommunen. I større kommunar med ein relativt sett mindre kraftproduksjonen vil kommunen få all konsesjonskrafta sjølv, og ingenting vil gå til fylkeskommunen. Inntektene frå eigedomsskatt, naturressursskatt og konsesjonskraft er knytt til kommunen der kraftanlegget er. Dersom kommunegrensene endrast, vil det også få konsekvensar for tildelinga av slike stadbundne inntekter. Det same gjelder for kommunane sitt eigarskap i kraftselskap.

For naturressursskatt og eigedomsskatt er inntektene berre knytt til kraftverkets produksjon. Inntekta er upåverka av kommunestorleik og innbyggartal. I desse høva vil konsekvensen av ein ny kommune vere at vertskommunen sine inntekter blir spreidd over fleire innbyggjarar. I praksis blir dette ei omfordeling frå vertskommunen til dei andre delene av den nye kommunen. Denne omfordelingseffekten blir noko mindre for naturressursskatten enn for eigedomsskatten ettersom førstnemnde allereie inngår i inntektsutjamninga. For konsesjonskrafta kan kommunen sin uttrekksrettigheit auke med innbyggartal, og då på trass av fylkeskommunen, avgrensa opp til ti prosent av kraftproduksjonen.

I dei høva der «alminneleg elforsyning» for vertskommunen i dag er mindre enn konsesjonskrafta som konsesjonæren må avstå, vil den resterande delen av konsesjonskrafta gå til fylkeskommunen. Dersom kommunen blir større, vil også kommunen sin «alminnelege elforsyning»/uttrekksrettigheit auke, og dette vil gå på tross av den konsesjonskrafta som i dag går til fylkeskommunen. I praksis skjer det omfordeling frå fylkeskommunen til den nye kommunen.

I dei høva der all konsesjonskrafta går til kommunen, vil ein ny og større kommune ikkje auke mengda konsesjonskraft som kommunen kan ta ut, men inntektene må spreiest over fleire innbyggjarar enn tidlegare. I praksis blir dette ei omfordeling frå konsesjonskraftkommunen til dei andre delane av den nye kommunen.

Aksjeverdiar i kraftselskap med tilhøyrande utbytteinntekter vil vere knytt til eigarkommunen som juridisk subjekt. Departementet arbeider med å snarleg avklare problemstillingar knytt til reglene om eigarskifte av aksjar danning av nye kommunar eller grensjustering.

Fylkesmannen i Oppland har fått laga ein utgreiing for kommunar med kraftinntekter i Oppland fylke. Utgreiinga går mellom anna inn på problemstillingar rundt eigarskap i kraftselskap. Fylkesmannens

rapport vil kunne vere av nytte for andre kommunar. Utgreiinga er tilgjengeleg på www.kommunereform.no.

Ved grensejusteringar er det avtalefridom som gjelder mellom kommunane. Departementet sendte sommaren 2012 eit forslag på høyring, der det ble skissert ulike måtar å fastsette økonomiske oppgjer ved grensejusteringar som omfatta kraftverk eller andre inntektsobjekt. Mellom høyringsinstansane ble det fleirtal for å vidareføre gjeldande ordning med avtalefridom. Både KS og Landssamanslutninga av vasskraftkommunar ønskja dette. Departementet gikk difor ikkje vidare med forslaga.


Departementet legg difor til grunn at det i kommunereforma er opp til kommunane å avtale seg i mellom korleis inntektene skal fordelast i den nye kommunen. Fordeling av kraftinntekter er eit spørsmål kommunane sjølve sit nærast til å vurdere og avgjere. Kommunane kan lage overgangsordningar i ein periode om dei ønskjer det, der dette blir følgd opp i dei årlege budsjettvedtaka i den nye kommunen.

Ved usemje mellom kommunane kan saka behandlast av skjønnsnemnda eventuelt overskjønnsnemnda, jf inndelingslova § 23.

7.4 – VERKEOMRÅDET FOR DIFFERENSIERT ARBEIDSGIVARAVGIFT

Figur 28

Kart over arbeidsgivaravgiftssonene



Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i samråd med ESA utarbeidd generelle retningslinjer for konsekvensar av nye kommunar som får ulike soner for differensiert arbeidsgivaravgift knytt til dei gamle kommunane.

Dersom to eller fleire kommunar som er i ulike soner blir til ein ny kommune, vil satsen på arbeidsgivaravgifta i den nye kommunen bli vidareført innanfor dei «gamle» kommunegrensene som om det framleis var to eller fleire kommunar, fram til neste revisjon. Neste revisjon vil bli gjennomført med verknad frå og med 1. januar 2021. Dette betyr at den geografiske inndelinga for avgiftsnivået, som ble godkjent av EFTAs overvåkingsorgan (ESA) for perioden 2014–2020, held fram med å vere uendra. Det betyr også at ingen føretak får lågare eller høgare arbeidsgivaravgift fram til neste revisjon. Ved spørsmål om soneplassering i neste revisjon vil alle nye kommunar bli behandla som éin kommune. Det gjelder også sone 1a (med redusert arbeidsgivaravgift inntil taket for bagatellmessig støtte er nådd).

7.5 – NYE KOMMUNAR OG DET DISTRIKTSPOLITISKE VERKEOMRÅDET

Departementet har utarbeidd generelle retningslinjer for konsekvensar av nye kommunar på tvers av grenser for dei distriktspolitiske verkeområda i dag.

Det distriktspolitiske verkeområdet har to delar. Hovuddelen av det distriktspolitiske verkeområdet er av verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte (sone 3). Sone 2 i det distriktspolitiske verkeområdet er ei gruppe kommunar som har svak utvikling, og gir utteljing for dei aktuelle fylkeskommunane ved tildeling av regional- og distriktspolitiske verkemidlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Figur 29

Kart over sonene i det distriktspolitiske verkeområdet



Om ein ny kommune har delar utanfor og innanfor verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte (sone 3), vil kommunen bli behandla som om det framleis var to eller fleire kommunar fram til neste

revisjon av verkeområdet. Dette betyr at den geografiske inndelinga for sone 3 blir uendra, og at verken fleire eller færre føretak kan motteke distriktsretta investeringsstøtte fram til neste revisjon.

Ved neste revisjon, som skjer med verknad frå og med 1. januar 2021, vil nye kommunar bli behandla under eitt. Dersom den nye kommunen har delar utanfor og innanfor, vil departementet avklare i kvart einskilde høve i forkant om den nye kommunen skal vere i sone 1 (utanfor det distriktpolitiske verkeområdet) eller sone 2. Det betyr at kommunar som er i prosess fram mot ny kommunen kan ta kontakt med departementet for ei slik avklaring. Departementet vil i den samanhengen leggje vekt på samfunnsutviklinga i den nye kommunen målt ved KMDs distriktsindeks.

Fordi sone 2 blir sett i samheng med verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte, vil eventuelle endringar av plasseringar i sone 2 i samband med kommunereforma gjelde fram til neste revisjon av verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte.

7.6 – LANDBRUKSSTØTTE

Over Jordbruksavtalen er det fleire tilskottsordningar til jordbruksføretak kor tilskottstildelinga er basert på særskilt fastsette soneinndelingar eller soner fastsett etter gjeldande kommunegrenser. Éi tilskottssone kan gjelde heile eller delar av ein kommune, og satsnivået per tilskottsordning kan variere mellom dei ulike sonene. Dersom to eller fleire kommunar med ulik sonesetting skal danne éin ny kommune, skal den soneplasseringa som gjaldt for kvar av dei tidlegare kommunane vidareførast også etter den nye kommunen er danna. Dette inneber at det innanfor den nye kommunen vil kunne vere ulike soner, og dermed også ulike satsnivå, for ein og same tilskottsordning. Dette vil mellom anna gjelde arealtilskott for planteproduksjon og distriktstilskott for høvesvis mjølk- og kjøttproduksjon. For somme tilskottsordningar varierer sonesettinga ut frå dei gjeldande fylkesgrensene. Dersom det blir vedtak om at ein eller fleire kommunar skal overførast til eit anna fylke, skal i utgangspunktet soneplasseringa for kommunane som kjem inn i fylket, tilpassast sonen som gjeld i det nye fylket. Det er likevel høve til å gjennomføre særskilte vurderingar om eventuelle unntak frå denne hovudregelen.

8 – APPENDIKS

Tabell A – 1						
Brutto driftsinntekter i absolutte tall og vekst i prosent						
		2012		2013		2014
1502 Molde	6,5 %	1 867 933	5,6 %	1 972 097	2,9 %	2 028 699
1504 Ålesund	9,5 %	2 901 773	5,5 %	3 061 944	2,6 %	3 141 626
1505 Kristiansund	5,9 %	1 626 653	6,0 %	1 724 715	3,9 %	1 791 310
1511 Vanylven	8,9 %	272 527	5,7 %	288 074	-4,8 %	274 294
1514 Sande	7,5 %	211 452	2,7 %	217 063	4,1 %	226 055
1515 Herøy	6,1 %	600 582	4,4 %	626 727	4,3 %	653 595
1516 Ulstein	8,8 %	527 143	12,2 %	591 486	-2,6 %	575 983
1517 Hareid	9,6 %	317 243	6,6 %	338 300	3,8 %	351 271
1519 Volda	3,8 %	625 329	4,2 %	651 386	15,2 %	750 149
1520 Ørsta	9,9 %	705 629	4,0 %	733 690	2,9 %	754 805
1523 Ørskog	7,7 %	179 408	5,5 %	189 359	3,4 %	195 787
1524 Norddal	6,3 %	199 233	-0,5 %	198 194	-0,8 %	196 635
1525 Stranda	1,3 %	347 145	6,7 %	370 573	0,6 %	372 782
1526 Stordal	11,2 %	104 492	0,9 %	105 382	6,4 %	112 086
1528 Sykkylven	6,7 %	456 315	4,0 %	474 642	1,2 %	480 486
1529 Skodje	8,7 %	285 381	9,1 %	311 477	0,5 %	312 921
1531 Sula	9,7 %	519 873	3,7 %	539 274	3,5 %	558 364
1532 Giske	9,6 %	477 985	9,2 %	521 941	0,7 %	525 398
1534 Haram	6,8 %	570 625	4,9 %	598 811	1,8 %	609 857
1535 Vestnes	9,6 %	549 606	6,2 %	583 731	2,2 %	596 302
1539 Rauma	8,7 %	520 814	6,1 %	552 843	3,9 %	574 644
1543 Nesset	1,2 %	254 471	3,6 %	263 617	1,4 %	267 212
1545 Midsund	3,6 %	166 257	5,3 %	175 095	3,0 %	180 331
1546 Sandøy	1,7 %	118 672	5,1 %	124 692	-2,9 %	121 138
1547 Aukra	9,0 %	414 510	14,3 %	473 810	-5,9 %	445 975
1548 Fræna	3,3 %	653 678	4,0 %	679 860	7,4 %	729 872
1551 Eide	8,4 %	257 395	0,8 %	259 480	4,9 %	272 189
1554 Averøy	4,8 %	360 272	6,5 %	383 598	3,6 %	397 275
1557 Gjemnes	7,1 %	209 890	1,2 %	212 399	1,9 %	216 514
1560 Tingvoll	3,0 %	252 677	4,7 %	264 562	-0,6 %	262 871
1563 Sunndal	5,6 %	690 127	6,8 %	737 399	0,8 %	743 598
1566 Surnadal	5,7 %	472 876	3,4 %	489 090	3,5 %	506 220
1567 Rindal	7,5 %	185 308	3,2 %	191 203	0,9 %	192 957
1571 Halså	11,7 %	149 750	-0,8 %	148 539	2,9 %	152 794
1573 Smøla	2,6 %	203 003	3,9 %	210 995	3,0 %	217 326
1576 Aure	4,2 %	324 247	4,9 %	340 029	2,6 %	348 802
Møre og Romsdal	7,0 %	18 580 274	5,5 %	19 606 077	2,7 %	20 138 123
Noreg utan Oslo	7,2 %	305 975 295	5,4 %	322 520 333	2,8 %	331 408 125

Kjelde: SSB

Tabell A - 2												
	Disposisjonsfond			Bundne driftsfond			Ubundne investeringsfond			Bundne investeringsfond		
	2012	2013	2014	2012	2013	2014	2012	2013	2014	2012	2013	2014
1502 Molde	0,7 %	0,8 %	0,6 %	2,0 %	1,8 %	1,5 %	6,0 %	6,0 %	5,5 %	0,2 %	0,2 %	0,2 %
1504 Ålesund	1,6 %	0,9 %	0,6 %	1,6 %	1,6 %	1,4 %	5,3 %	4,7 %	2,8 %	3,0 %	3,6 %	4,1 %
1505 Kristiansund	1,7 %	1,5 %	0,0 %	2,0 %	1,4 %	1,8 %	0,8 %	0,6 %	0,1 %	0,8 %	0,7 %	0,7 %
1511 Vanylven	0,0 %	1,7 %	2,3 %	2,1 %	2,1 %	2,2 %	0,1 %	0,2 %	0,5 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %
1514 Sande	0,5 %	2,5 %	1,7 %	2,5 %	2,0 %	2,4 %	17,9 %	16,7 %	15,3 %	1,0 %	0,7 %	0,8 %
1515 Herøy	2,5 %	2,1 %	1,8 %	17,8 %	9,5 %	3,9 %	2,5 %	1,3 %	1,3 %	0,3 %	0,5 %	0,5 %
1516 Ulstein	2,0 %	2,2 %	4,7 %	1,0 %	0,9 %	1,0 %	0,1 %	4,0 %	3,5 %	0,1 %	0,6 %	0,5 %
1517 Hareid	0,0 %	0,0 %	0,0 %	3,5 %	3,2 %	2,2 %	0,9 %	0,8 %	0,8 %	0,4 %	0,4 %	0,5 %
1519 Volda	2,5 %	0,7 %	2,3 %	5,9 %	5,0 %	4,1 %	10,4 %	9,7 %	8,4 %	3,5 %	3,6 %	1,6 %
1520 Ørsta	0,6 %	1,2 %	1,7 %	3,7 %	4,0 %	3,0 %	0,2 %	2,7 %	2,0 %	0,4 %	0,6 %	0,5 %
1523 Ørskog	8,5 %	7,4 %	6,8 %	5,1 %	5,7 %	5,1 %	1,9 %	1,8 %	0,0 %	2,3 %	3,3 %	4,2 %
1524 Norddal	13,3 %	7,0 %	2,5 %	26,8 %	4,3 %	4,7 %	14,9 %	15,1 %	13,9 %	0,3 %	0,3 %	0,3 %
1525 Stranda	:	0,4 %	0,7 %	:	5,1 %	4,9 %	:	1,9 %	0,3 %	:	0,3 %	0,2 %
1526 Stordal	0,2 %	0,4 %	13,6 %	3,4 %	3,0 %	6,5 %	30,2 %	30,0 %	28,2 %	10,7 %	11,8 %	0,0 %
1528 Sykkylven	0,3 %	0,5 %	0,5 %	1,5 %	1,9 %	2,0 %	1,4 %	1,3 %	0,6 %	0,2 %	0,3 %	0,3 %
1529 Skodje	12,1 %	11,4 %	4,4 %	2,1 %	2,4 %	3,3 %	7,3 %	6,7 %	6,7 %	0,1 %	0,0 %	0,2 %
1531 Sula	8,9 %	10,3 %	12,2 %	3,2 %	3,0 %	2,0 %	11,1 %	10,5 %	10,0 %	0,6 %	0,6 %	0,0 %
1532 Giske	1,7 %	3,3 %	2,5 %	1,9 %	2,1 %	1,6 %	25,9 %	23,3 %	23,1 %	0,1 %	0,0 %	0,7 %
1534 Haram	0,0 %	0,4 %	1,7 %	32,6 %	37,7 %	43,4 %	43,9 %	42,0 %	41,6 %	0,1 %	0,0 %	0,9 %
1535 Vestnes	0,1 %	0,3 %	0,3 %	2,1 %	1,9 %	2,2 %	27,0 %	19,9 %	19,5 %	0,2 %	0,2 %	0,3 %
1539 Rauma	1,6 %	0,6 %	0,5 %	1,0 %	1,1 %	0,8 %	4,3 %	3,2 %	1,6 %	0,3 %	0,3 %	0,2 %
1543 Nesset	2,8 %	1,9 %	1,4 %	11,1 %	10,8 %	10,2 %	0,9 %	0,9 %	0,9 %	2,1 %	1,7 %	1,0 %
1545 Midsund	0,5 %	1,3 %	2,7 %	1,9 %	2,4 %	1,8 %	9,3 %	9,4 %	8,4 %	0,1 %	0,2 %	0,4 %
1546 Sandøy	29,2 %	27,6 %	28,6 %	4,8 %	4,2 %	4,9 %	45,7 %	43,8 %	45,1 %	1,6 %	1,4 %	1,5 %
1547 Aukra	29,0 %	34,4 %	38,5 %	2,3 %	2,0 %	2,2 %	9,5 %	6,5 %	7,0 %	0,1 %	0,3 %	0,2 %
1548 Fræna	0,4 %	0,4 %	0,3 %	4,1 %	3,6 %	3,0 %	15,4 %	14,6 %	14,4 %	0,4 %	0,5 %	0,4 %
1551 Eide	9,8 %	10,6 %	8,5 %	5,1 %	4,5 %	4,5 %	8,3 %	7,8 %	7,5 %	0,6 %	0,6 %	0,6 %
1554 Averøy	1,8 %	1,3 %	0,9 %	2,9 %	3,2 %	3,4 %	0,2 %	0,2 %	0,5 %	0,8 %	0,2 %	0,3 %
1557 Gjemnes	0,3 %	0,3 %	0,3 %	2,3 %	2,3 %	2,6 %	5,5 %	6,5 %	5,7 %	2,6 %	3,4 %	1,0 %
1560 Tingvoll	4,6 %	4,4 %	4,1 %	4,7 %	4,5 %	4,1 %	1,9 %	1,8 %	1,8 %	0,7 %	0,7 %	0,7 %
1563 Sunndal	9,6 %	9,0 %	11,6 %	3,0 %	4,3 %	4,8 %	1,8 %	1,6 %	2,4 %	0,2 %	0,1 %	0,4 %
1566 Surnadal	12,6 %	10,3 %	9,1 %	4,2 %	2,6 %	2,1 %	1,9 %	1,5 %	1,2 %	0,6 %	1,0 %	0,1 %
1567 Rindal	11,9 %	11,8 %	10,4 %	1,3 %	1,8 %	1,9 %	0,5 %	0,0 %	0,0 %	1,4 %	0,1 %	0,1 %
1571 Halså	1,0 %	1,0 %	5,4 %	2,8 %	3,7 %	4,5 %	1,1 %	1,4 %	1,3 %	1,1 %	1,5 %	1,9 %
1573 Smøla	5,0 %	6,8 %	5,7 %	8,8 %	8,0 %	7,7 %	1,4 %	1,4 %	2,4 %	0,4 %	0,4 %	0,8 %
1576 Aure	11,2 %	13,2 %	12,1 %	4,7 %	4,7 %	5,1 %	1,3 %	1,2 %	1,2 %	0,2 %	0,2 %	0,2 %
Møre og Romsdal	3,8 %	3,7 %	3,6 %	4,5 %	4,0 %	3,9 %	7,5 %	6,9 %	6,3 %	1,0 %	1,2 %	1,1 %
Noreg utan Oslo	6,0 %	6,2 %	6,4 %	3,7 %	3,7 %	3,6 %	6,5 %	6,2 %	6,6 %	1,4 %	1,4 %	1,5 %

Kjelde: SSB

Tabell A - 3						
Kommunar	Innbyggjarar	Basistilskott	Småkommune-tilskott	Distriktstilskott Sør-Norge	Vekstkommune-tilskott	Arbeidsgivaravgiftssoner 2015
1502 Molde	26 392	12 837				1
1504 Ålesund	46 316	12 837				1
1505 Kristiansund	24 507	12 837				1
1511 Vanylven	3 258	12 837		5 624		3
1514 Sande	2 635	12 837	5 475			2
1515 Herøy	8 934	12 837				1a
1516 Ulstein	8 292	12 837				1
1517 Hareid	5 065	12 837				1
1519 Volda	8 977	12 837				1
1520 Ørsta	10 589	12 837				1
1523 Ørskog	2 294	12 837	5 475		1 479	1
1524 Norddal	1 676	12 837	5 475			2
1525 Stranda	4 605	12 837		3 599		2
1526 Stordal	1 043	12 837	5 475			2
1528 Sykkylven	7 707	12 837				1
1529 Skodje	4 465	12 837			2 066	1
1531 Sula	8 855	12 837			3 020	1
1532 Giske	7 924	12 837			4 591	1
1534 Haram	9 120	12 837				1a
1535 Vestnes	6 708	12 837		4 409		2
1539 Rauma	7 445	12 837		3 181		2
1543 Nesset	2 975	12 837	5 475			2
1545 Midsund	2 068	12 837	5 475			1a
1546 Sandøy	1 262	12 837	5 475			2
1547 Aukra	3 466	12 837				1a
1548 Fræna	9 787	12 837				1
1551 Eide	3 463	12 837				1a
1554 Averøy	5 794	12 837				1
1557 Gjemnes	2 580	12 837	5 475			1a
1560 Tingvoll	3 090	12 837	5 475			2
1563 Sunndal	7 155	12 837		8 235		2
1566 Surnadal	5 976	12 837		7 414		3
1567 Rindal	2 038	12 837	5 475			3
1571 Halså	1 563	12 837	5 475			3
1573 Smøla	2 146	12 837	5 475			4
1576 Aure	3 549	12 837		5 809		3
Møre og Romsdal	263 719					

Kjelde: SSB

Arbeidsgivaravgiftssoner:

Sone 1 = 14,1 %, Sone 1a = 14,1 % (fribeløp 450 000 kr), Sone 2 = 10,6 %, Sone 3 = 6,4 %, Sone 4 = 5,1 %

KJELDER

Dokument:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2015. Rapport frå Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi – [April 2015](#)

Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2015. Rapport frå Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi – [November 2014](#)

[Kommuneproposisjonen 2015](#)

[Kommuneproposisjonen 2016](#)

Internettreferansar:

Statistisk sentralbyrå:

www.ssb.no/statistikkbanken/offentlig-sektor/kostra

www.ssb.no/statistikkbanken/befolkning

Kommunal- og moderniseringsdepartementet – Frie inntekter på nett 2015:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommuneokonomi/gront-hefte/id547024/>

Kommunal- og moderniseringsdepartementet – Kommunereform:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/id751048/>

Rapporten ligg også tilgjengeleg på vår heimeside:

<http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kommunal-styring/Kommuneokonomi/>

